

Årsbudsjett 2023

Økonomiplan 2024-2026

Politisk utgåve
Vedteke av kommunestyret 13.12.22, KS-sak 119/22



Nord-Fron
kommune

Nedregate 50, 2640 Vinstra | tlf 61 21 61 00
nord-fron.kommune.no | E-post post@nord-fron.kommune.no



BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

1. INNLEDNING.....	5
2. ØKONOMISKE NØKKELTAL	7
2.0 <i>Innleiing</i>	7
2.1 <i>Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet</i>	7
2.2 <i>Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott</i>	9
2.3 <i>Eigedomsskatt</i>	10
2.4 <i>Inntekter frå kraftsektoren</i>	11
2.5 <i>Driftsrammer</i>	12
2.6 <i>Økonomiske nøkkeltal og budsjettetpremiss</i>	12
2.7 <i>Investeringsbudsjettet</i>	15
2.8 <i>Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper</i>	16
3. KOMMENTARAR TIL INV. BUDSJETTET.....	18
3.0 <i>Innleiing</i>	18
3.1 <i>Sektor administrasjon</i>	22
3.2 <i>Sektor oppvekst</i>	34
3.3 <i>Sektor helse</i>	35
3.4 <i>Andre investeringsutgifter</i>	37
4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET	38
4.0 <i>Innleiing</i>	38
4.1 <i>Kyrkjeleg fellesråd</i>	46
4.2 <i>Kommunedirektør</i>	47
4.3 <i>Sektor administrasjon</i>	49
4.3.1 <i>Tenesteområde Personal og organisasjon</i>	50
4.3.2 <i>Tenesteområde Økonomi og strategi</i>	52
4.3.3 <i>Tenesteområde Teknisk</i>	54
4.3.4 <i>Tenesteområde Kultur og kommunikasjon</i>	58
4.3.5 <i>Interkommunale selskap (administrasjon)</i>	61
4.4 <i>Sektor oppvekst</i>	63
4.4.1 <i>Skoler</i>	65
4.4.2 <i>Barnehagar</i>	70
4.4.3 <i>Interkommunale selskap (oppvekst)</i>	71
4.5 <i>Sektor helse</i>	73
4.5.1 <i>Sektorleiring og stab</i>	73
4.5.2 <i>Tenesteområde Tilrettelagte tenester og institusjon</i>	74
4.5.3 <i>Tenesteområde Helse og mestring</i>	77
4.5.4. <i>Interkommunale selskap (helse)</i>	80
5. KOSTRA – TAL.....	83
6. ØKONOMISKE OVERSIKTER	89
6.1 <i>Bevilgningsskjema drift, A-del</i>	91
6.2 <i>Bevilgningsskjema drift, B-del</i>	92
6.3 <i>Budsjettetskjema 2A og 2B: Investeringsbudsjettet</i>	94
6.4 <i>Økonomisk oversikt drift</i>	95

7.	DIVERSE ØKONOMISKE RAPPORTAR OG VEDLEGG	97
7.1	<i>Lånegjeldsutvikling 2021 - 2026</i>	98
7.2	<i>Fondsutvikling 2022 – 2026</i>	99
7.3	<i>Investeringar netto pr. prosjekt 2023 – 2026</i>	100
7.4	<i>Detaljert investeringsbudsjett 2023 - 2026</i>	102
7.5	<i>Organsiasjonskart</i>	110
8.	KOMMUNESTYRE SITT VEDTAK BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2032-2026 (KS-SAK 119/22, 13.12.2022).....	111

1. INNLEDNING

Kommunestyret (KOM) vedtok i møte 13.12.2022, sak 119/22, budsjett for 2023 og økonomiplan 2023 - 2026. Behandlinga i KOM tok utgangspunkt i forslag frå kommunedirektør av 8.11.22 og forslag / innstilling frå formannskapet av 24.11.22.

Netto driftsresultat gir slike tal: **2023: 0,5 %, 2023: 2,1 %, 2025: 1,6 % og 2026: 1,9 %.** Resultatet varierer noko gjennom planperioden. Det er ved avslutninga av det enkelte rekneskaps år med tilhøyrande analyser at vi best kan vurdere kommunens økonomiske situasjon.

Driftsbudsjett 2023 – 26.

Budsjetttramma for 2023 fordelt på kyrkjeleg fellesråd, kommunedirektør og 3 sektorar er **brutto ca. 630,6 mill. kr.** og **netto driftsramme er ca. 481,5 mill. kr.** Det er som tidlegare diverse flyttingar innafor- og mellom sektorar / teneste områder, som gjer at det ikkje alltid er enkelt å samanlikne årets budsjett med førre år.

Budsjettpremiss / handlingsreglar:

Kommunestyret i møte 13.12.22 vedtatt eigne *budsjettpremissar*. Dei er systematisert som *tekstvedtak*; innafor helse og omsorg (5 pkt., brukarundersøking og at tema skal ivaretakast i sektorplan helse som er under arbeid) og innafor by og tettstadutvikling (4 pkt.).

Kommunestyret har tidlegare i 2022 gjort vedtak om *handlingsreglar* på ulike områder; bruk av utbytte frå eigarskap i kraftverk, måltal knytt til disponering av kommunal eigedomsskatt frå kraftverk og bruk av netto salsinntekter frå konsesjons-/avtalekraft som kommunen disponerer.

Budsjettregulering 2023:

Kommunestyret er kjent med at eigedomsskatt frå kraftverk vil bli *høgare* enn budsjettet i 2023. I tillegg var det pr. 21.12.22 uavklart kort stort *trekk* (brutto/netto) Nord-Fron vil få i 2023 frå det staten legg til grunn at kommunar med store kraftinntekter skal trekkast i rammetilskottet. Pr. data er det sagt at trekket skal gjelde for 1 år / for 2023. Kommunen er kjent med at det er fleire utgreiingar nasjonalt som vurderer framtidig inntektsfordeling mellom kommunane. Dersom element frå t.d. inntektssystem utvalet blir vedtatt kan det ha store utslag for kommunens handlefridom fram i tid.

Momenta framom gjer at kommunestyret vil få sak (-er) med relativt store budsjettendringar innan drift i løpet av 2023.

Investeringsbudsjett 2026 – 26.

Det ligg ikkje inne midlar til store nye prosjekt i komande planperiode. M.a. som følgje av behandling av *forvaltningsrevisjonsprosjekt* knytt til store investeringar vil det bli endringar; kommunestyret sett av midlar til planlegging før det seinare blir lagt fram konkrete saker med råd om evt. realisering med bakgrunn i best mogleg kostnadsoverslag, evt. alternativ løysing og tenkt gjennomføringsperiode. Det vil ha som konsekvens at investeringar komande 4 års periode vil bli større enn kva kommunestyret har vedtatt 13.12.22.

Kommunedirektøren viser til at kommunen ved inngangen til nytt arbeidsår har rammevilkår som sett organisasjonen i stand til å produsere gode tenester også i 2023.

Vinstra, 23. desember 2022

Arne Sandbu
Kommunedirektør

2. ØKONOMISKE NØKKELTAL

2.0 Innleiing

Det er gjennomført endringar i organiseringa hovudsakleg innan sektor administrasjon. Hoveddelen av endringane skjedde med verknad frå 1.5.22, men budsjetta for 2022 var ikkje tilpassa den nye organiseringa. Dette er gjort frå 2023. Dette gjer at tala innan sektoren ikkje er direkte samanlignbare frå 2022 til 2023.

Det er også gjort andre justeringar av organisering. Endringane er omtala under kapittel 4.

2.1 Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet

Budsjettarbeidet hausten 2022 tok utgangspunkt i førre økonomiplan med framskriving av dei rammene som låg der, samt vedtak i 2022 som har verknad for økonomiplanen.

Økonomiplanen er utarbeidd i faste 2023-prisar, og 1.året i planperioden er etter kommunestyret sitt vedtak overført som budsjett for 2023.

Følgjande **lønns- og prisføresetnader** er lagt til grunn i 2023-budsjettet:

Lønn i faste stillingar:

Lønsoppgjøret for 2023 er eit mellomoppgjør. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ei årslønnsvekst på 4,2 %. Nord-Fron har i snitt (dvs. uavhengig av kapitteltihørighet i flg. hovudtariffavtala) budsjettert med ei årslønnsvekst på 4,1 %. Det inneber eit snitt påslag på lønn på om lag 4,4 % pr 1. mai 2023.

SSB brukte 4,1 % årslønnsvekst i prognose pr. juni 2022. Pr. september 2022 var SSB si prognose 4,4 %.

Pensjonspremie:

Kommunal landspensjonskasse (KLP): I budsjettet er pensjonspremien 20,8 % på løn i faste stillingar og for tillegga som er pensjonsgjevande. Premien er i tråd med prognose frå KLP, etter at det er lagt inn bruk av frigjorte premiereserver på om lag 4,5 mill. kr. jf. KS-sak 63/21.

På tenesteområda er det budsjettert med 23,2 %, fordi den delen av premien som gjeld overføring frå premiefond i KLP, inkludert frigjorte premiereserver, er ført på eige ansvar (ansvar 806).

Premien er vesentleg høgare enn i førre økonomiplan (13 % netto / 16 % på tenesteområda). Dette er er i hovudsak knytt til auka reguleringspremie, som igjen heng saman med løns- og prisveksten.

Vidare i planperioden er det varsla ein noko lågare premie. Det er teke noko høgde for dette ved å auke overføring frå premiefond ført på ansvar 806 dei tre siste åra, men på tenesteområda ligg premien likt alle åra for at tala skal vera mest mogleg samanlignbare. Det er også stor usikkerheit knytt til framtidig premie. Dersom ein tek høgde for det som er lagt

til grunn for overføring av premiefond, som utgjer ein reduksjon i premien på om lag 5,5 mill. kr. inkl. arbeidsgjevaravgift, er det lagt til grunn ein premie for åra 2024 – 2026 på om lag 18,8 %.

Nord-Fron har frå 2020 vald å gå over til 100 % utjevning knytt til AFP-kostnader. Det inneber at kommunen ikkje blir belasta ekstra når tilsette tek ut AFP, men i staden blir belasta eit beløp kvart kvartal berekna ut frå det samla lønsgrunnlaget. 100 % utjevning inneber mindre risiko og meir stabile utgifter til AFP.

Statens pensjonskasse (STP – pensjonskasse for lærarar): 7,94 % på lærarløn.

Utvikling pensjonspremie (budsjett-tal):

	2023	2022	2021	2020	2019	2018
KLP	20,8%	13,00%	16,00%	18,00%	17,50%	17,50%
SPK	7,94%	9,12%	8,51%	10,38%	10,66%	10,82%

Arbeidsgivaravgift: 10,6 % av alle lønnsutgifter inkl. pensjonspremie.

Andre driftsutgifter: Det er i utgangspunktet lagt til grunn 3,0 % auke på utgifter i budsjettet. I statsbudsjettet for 2023 er det lagt til grunn ein communal deflator på 3,7 %. Lønsvekst teller knapt 2/3 av deflator og er anslått til 4,2 % i statsbudsjettet, dermed blir anslått prisvekst om lag 3,1 % i statsbudsjettet.

SSB legg pr. september 2022 til grunn ein prisvekst neste år på ca. 3,5 %.

Oppsummert gir dette slike anslag:

	NFK budsjett	Statsbudsjett	SSB
Lønsvekst	4,1 %	4,2 %	4,4 %
Prisvekst	3,0 %	3,1 %	3,5 %
Anslag deflator*	3,6 %	3,7 %	4,0 %

*Fordelinga mellom løn og pris varierar, og deflatoranslaget vil difor kunne variere.

Det er enkelpostar i budsjettet som har anna prisvekst enn den generelle prisveksten. Utgifter til straum er t.d. auka langt ut over den generelle prisveksten. Vesentlege endringer frå 2022 til 2023 er nærmare kommentert i kap. 4.

Rente- og avdragsutgifter: Det er lagt til grunn ein rentesats på 4,6 %, og ei avdragstid på 30 år for nye generelle investeringsslån første året. Rentesatsen er redusert noko dei to siste åra i planperioden. I budsjettvedtak for 2022-2024, KS-sak 114/21, vart det gjort vedtak om å ta opp inntil 73,59 mill. kr. i 2022 (talet inkluderer rest av investeringsslån frå 2021). Det vart i november 2022 gjort låneopptak på 60 mill.kr. I grunnlaget er det lagt opp til at resterande

låneopptak (13,59 mill. kr.) blir gjort i 2023. Endringar i renter og avdrag som følgje av dette er tatt inn i budsjettet.

Renter og avdrag knytt til sjølvkostinvesteringar er f.o.m. budsjett 2022 ført på ansvar 444 der øvrige, direkte sjølvkostkostnader er ført. Kostnadene er ført i tråd med beregna kapitalkostnader i eige kalkyle for sjølvkost.

Sals- og leigeinntekter:

- Satsen for eigenbetaling i barnehagane blir redusert i tråd med maks-sats i statsbudsjettet. Denne er frå 1.1.23 kr. 3.000 (kr. 3.050 pr. 1.8.22).
- Satsen for vass-avgifter er auka med i snitt om lag 3,0 % frå 2022.
- Satsen for avgifter på avløp er auka med 12,5 % frå 2022.
- Satsen for septik-tømming er uendra frå 2022.
- Satsen for feieavgifter er auka med om lag 5,1 % frå 2022.
- Satsen for renovasjonsavgifter er uendra frå 2022.

For andre satsar som blir lokalt vedtatt er det i hovudsak lagt opp til 3,0 % auke, men det kan være at særskilte betalingsordningar får anna påslag.

Satsen for feie- og renovasjonsavgift er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 19.10.22.

Det blir visttil **eigne saker** for alle typar sals- og leigeinntekter der kommunen kan fastsette nivået. Sakene var lagt fram i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyret.

Når det gjeld satsen for husleige er denne frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen og det blir difor ikkje lagt fram sak som regulerer desse, jf. KS-sak 117/17.

2.2 Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott

Tabellen viser samla nivå på budsjetterte frie inntekter med bakgrunn i statsbudsjettet for 2023.

tal i 1000	Budsjett 2022 (regulert)	Prognose 2022*	Budsjett 2023 jf. grønt hefte forslag SB	% vis endring prognose R22 - B23
Skatt	187 223	184 290	176 846	-4,0 %
Innt.utjevn.	17 807	22 359	20 072	-10,2 %
Ramme	185 454	184 499	209 257	13,4 %
Sum	390 484	391 148	406 175	3,8 %

*Oppgåve korrigert prognose for 2022 jf. forslag til SB.

Alle tala i tabellen er basert på forslag til statsbudsjett og modell frå KS.

Frie inntekter i forslag til Statsbudsjett 2023 samanlikna med oppgåvekorrigerte frie inntekter i 2022 viser ei auke på 3,8 %.

I 2023 får kommunen 0,8 mill. kr. i skjønnsmidlar (1,4 mill.kr. i 2020 og 2021 og 0,6 mill. kr. i 2022).

I samband med framlegget til statsbudsjett vart det varsle eit eittårig trekk i rammetilskotet

på til saman 3 mrd. kr. i 2023 frå kommunar og fylkeskommunar med inntekter frå konsesjonskraft og som ligg i områda med dei høgaste prisane. Kommunen mottok 22.12.22 brev med informasjon om at Nord-Fron får eit trekk i rammetilskotet på **36,434 mill. kr.** I det vedtekne budsjettet er det, m.a. etter dialog med sekretariatet for Landssamanslutninga for vassdragskommunar (LVK), lagt til grunn eit netto **trekk på 29,1 mill. kr.** i 2023. Det blir lagt fram eigen sak for kommunestyret for endring av budsjettet i tråd med det endelige vedtaket om trekk samt nokre andre mindre endringer i rammetilskotet.

KS har som tidlegare år utarbeidd ein alternativ modell for skatt og rammetilskot, der skatteanslaget er basert på det relative skattenivået for dei siste tre åra. Denne gir i utgangspunktet eit meir reelt forventa skatteanslag. Denne modellen viser reduserte frie inntekter på ca. 2,5 mill. kr. for Nord-Fron kommune i 2023 samanlikna med det som er lagt inn i budsjettet / kjem fram i statsbudsjettet.

Det var i utgangspunktet tenkt at denne modellen skulle nyttast f.o.m. budsjettprosessen hausten 2022, men med bakgrunn i stor usikkerheit rundt det konkrete rammetilskottet (jf. trekk) vart grønt hefte lagt til grunn. Dette vil difor også bli justert i samband med sak til kommunestyret om budsjettendring av rammetilskotet.

I budsjettet er dei frie inntektene, korrigert for skjønnstilskott og trekk i 2023, lagt likt for alle åra i planperioden.

2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettet med slike inntekter frå eigedomsskatt i 2023 (tal i 1000):

	R16	R20	R21	B22	B23	B24	B25	B26
Næring	-2 064	-2 394	-4 827	-2 400	-5 100	-5 100	-5 100	-5 100
Kraftverk	-35 026	-19 169	-23 000	-20 500	-20 500	-20 500	-20 500	-20 500
Verk og bruk	-1 936	-1 963	-31	-1 850	0	0	0	0
Bustader	-5 014	-4 479	-6 896	-6 804	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Fritidsbustader	-5 359	-5 166	-6 748	-7 576	-7 960	-7 960	-7 960	-7 960
Landbruk	-818	-738	-124	-1 462	-160	-160	-160	-160
Sum eigedomsskatt	-50 218	-33 909	-41 626	-40 592	-41 720	-41 720	-41 720	-41 720

Skatteetaten sendte pr. desember 2022 ut oppdaterte lister som viser eigedomsskatt frå kraftverk, og desse syner ei inntekt på **33,2 millionar kroner** i 2023 (12,7 mill. kr. meir enn det som er lagt inn i budsjettet). Formannskapet vart orientert om dette i FS-sak 166/22 og kommunestyret vart orientert om det i samband med budsjettbehandlinga.

Det vil ved starten av 2023 bli lagt fram politisk sak om endring av budsjettet i tråd med dei oppdaterte anslaga.

Eigedomsskatt frå bustader og fritidseigedommar vart innført i kommunen i 2011. Som hovedregel skal det gjennomførast alminneleg taksering av alle eiendommer kvart tiende år, men kommunestyret kan bruke eigedomsskattetakstane ut over ti års perioden og foreta

ei kontorjustering av taksten. Kommunestyret vedtok i KS-sak 101/19 og 139/20 at takstane frå 2011 skulle kontorjusterast med 10 % påslag årleg og gjelde frå 1.1.2021.

I budsjettet er det lagt inn auka inntekter frå bustader (inkl. landbruk) og fritidseigedommar som følgje av auka takst frå 2023, men det er brukt 5 % auke i staden for 10 %. Arbeidet med omtaksering starta i 2022. Kontorjusteringa blir foreslått til 5 % i staden for 10 % frå 2022 til 2023 ut frå at det er usikkerheit rundt kva som vil bli takster etter at arbeidet med omtaksering er ferdig seinast 1. kvartal 2024.

Det blir vist til kapittel 2.4 for omtale av handlingsreglar for kraftinntekter.

2.4 Inntekter frå kraftsektoren

Nord-Fron kommune har eigardelar i Gudbrandsdal Energi AS og Innlandet Energi Holding AS (tidlegare Eidsiva Energi AS). Tabellen viser årlege uttak frå kraftverka og inntekter knytt til konsesjonskraft (tal i 1000):

	R-21	B-22	B-23	B-24	B-25	B-26
Utbytte Gudbrandsdal Energi Holding (GEH)	10 000	5 418	5 418	5 418	5 418	5 418
Utbytte Innlandet Energi Holding (IEH)	4 046	3 400	3 400	3 400	3 400	3 400
Sum utbytte	14 046	8 818	8 818	8 818	8 818	8 818
Konsesjonskraft (netto inntekt)*	10 500	22 300	70 000	40 000	30 000	30 000
Sum utbytte og kons.kraft	24 546	31 118	78 818	48 818	38 818	38 818

*Inntekta i 2023 er ikkje korrigert for trekk i rammetilskotet jf. forslag frå regjeringa i samband med Statsbudsjett for 2023.

Samla utbytte frå GEH og IEH er budsjettert med 8,8 mill. kr. årleg, som er uendra frå 2022. Det er gjort utkast til ei ny verdivurdering av GEH i 2022, men det er stor usikkerheit rundt denne som følgje av regjeringa sine foreslårte endringar for kraftselskap. Det er lagt opp til at utbyttenivå den neste treårsperioden skal drøftast i eigarmøte hausten 2023.

Betaling for konsesjons- og avtalekrafta er budsjettert med netto inntekt på 70,0 mill. kr. i 2023. Det blir vist til kapittel 2.2 vedr. Trekk i rammetilskotet i 2023 som følgje av høge inntekter frå konsesjonskraft. Trekket er i budsjettet anslått til 29,1 mill. kr. Korrigert for trekket blir dermed netto konsesjonskraftinntekt i 2023 40,9 mill. kr. Kommunen mottok 22.12.22 informasjon frå Kommunal og distriktsdepartementet om at trekket blir på 36,434 mill. kr. Dermed vil konsesjonskraftinntekt i 2023 bli 33,5 mill. kr. etter at det er teke høgde for trekket.

Det er svært stor usikkerheit både til inntekter i 2023 og vidare i planperioden.

Dei høge straumprisene, som gir auka inntekt frå konsesjonskrafta, gir også auka kostnader til straum ved ulike kommunale bygg. Auken er i 2023 anslått til om lag 9,6 mill. kr. Det blir auke i overføring til Fron badeland som følgje av auka straumkostnader. Sjå også kapittel 4.

Kommunestyret vedtok i KS-sak 66/22 slike handlingsreglar for budsjett- og økonomiplan 2023-2026:

I planperioden skal utbytte fra kraftselskap brukes som egenkapital til bærekraftige investeringar.

I planperioden er målet at 10 % av eiendomsskatt fra kraftverk og 5 % fra netto salgsinntekt konsesjonskraft skal avsettes til investeringsfond for bruk som egenkapital ved framtidige

investeringer.

Knytt til dei vedtekne handlingsreglane er det lagt inn slike avsetningar i budsjettet:

	B-23	B-24	B-25	B-26
Samla utbytte	8 818	8 818	8 818	8 818
Avsetning i vedtatt budsjett	5 314	8 818	8 818	8 818
<i>Handlingsregel (alt utbytte)</i>	8 818	8 818	8 818	8 818
Netto inntekt konsesjonskraft*	40 900	40 000	30 000	30 000
Avsetning i vedtatt budsjett	2 044	2 000	1 500	1 500
<i>Mål for handlingsregel (5%)</i>	2 045	2 000	1 500	1 500
Eigedomsskatt frå kraftverk	20 500	20 500	20 500	20 500
Avsetning i vedtatt budsjett	0	2 050	2 050	2 050
<i>Mål for handlingsregel (10%)</i>	2 050	2 050	2 050	2 050
Samla avsetning	7 358	12 868	12 368	12 368
<i>Samla mål for handlingsreglar</i>	12 913	12 868	12 368	12 368
Differanse frå handlingsreglar	-5 555	0	0	0

I investeringsbudsjettet (sjå kapittel 3) er det ført opp fleire bærekraftige investeringar, som er foreslått finansiert med investeringsfond jf. handlingsreglane. Desse fordeler seg slik i planperioden:

	B-23	B-24	B-25	B-26
Netto investering	5 000	4 400	2 000	2 000

I tillegg er investeringar med kort levetid finansiert med investeringsfond.

Det er også lagt opp til bruk av fond i 2023 for kjøp av flyktningleilighet.

Frå 2024 er det lagt opp til bruk av eigenkapital/fond for finansiering av ulike investeringar med 3 mill. kr. årleg dei to første åra og 5 mill. kr. i 2026.

2.5 Driftsrammer

Netto driftsrammer til tenesteområda kjem fram i **Bevilgningsoversikt drift B-del**.

Kommunestyret **vedtek** driftsbudsjettet på dette nivået og rekneskapen for 2023 leggast fram på same nivå.

2.6 Økonomiske nøkkeltal og budsjettpremiss

I tråd med kommuneloven § 14-2, bokstav c og § 14-4 skal det gjerast vedtak om måltal og kva premiss budsjett- og økonomiplanen bygger på.

For budsjett og økonomiplan 2023 – 2026 har kommunestyret i KS-sak 66/22 vedteke slike mål:

- *Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %*
- *Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,00 %*
- *Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 85 %*
- *Korrigert lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 75 %*
- *Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8 %.*

Kommunestyret vedtok i tillegg slike handlingsreglar for planperioden:

I planperioden skal utbytte fra kraftselskap brukes som egenkapital til bærekraftige investeringer.

I planperioden er målet at 10 % av eiendomsskatt fra kraftverk og 5 % fra netto salgsinntekt konsesjonskraft skal avsettes til investeringsfond for bruk som egenkapital ved framtidige investeringer.

Tekstvedtak som blir vedteke i samband med kommunestyrets behandling av budsjett- og økonomiplanen for 2023 – 2026 er **budsjettpremiss** for det budsjettåret og planperioden.

Tabellen viser utviklinga av netto driftsresultat:

Tal i 1000	R20	R21	B22	B23	B24	B25	B26
Netto driftsresultat	39 145	48 854	-4 830	3 535	13 787	10 272	12 306
I % av driftsinntekter	6,2 %	7,2 %	-0,8 %	0,5 %	2,1 %	1,6 %	1,9 %
Vedteke måltal	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %	1,75 %
Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,3 %	6,5 %	0,0 %	1,1 %	2,6 %	2,1 %	2,3 %
Vedteke måltal	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %
<i>Netto driftsres. førre øk.plan (22-25)</i>				0,4 %	0,9 %	1,7 %	
<i>Korrigert ntno.driftsresultat førre øk.plan (22-25)</i>				0,4 %	0,9 %	1,7 %	

Netto driftsresultat viser differansen mellom brutto driftsutgifter og inntekter korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Netto driftsresultat viser kva kommunen har disponibelt til avsetninger til fond og bruk av eigne midlar i investeringsbudsjettet.

Korrigert netto driftsresultat i høve til brutto driftsinntekter viser brutto driftsutgifter og inntekter inkl. renter og avdrag, og er korrigert for netto bruk/avsetning til bundne fond og premieavvik. Premieavvik blir ikkje budsjettert så korrigeringa av dette gjeld berre for rekneskapstal.

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat i 2023 på 0,5 %. Dette er noko høgare enn i førre økonomiplan. Måltaket nås andre året i planperioden.

Det korrigerte netto driftsresultatet er betre for alle åra samanlikna med førre økonomiplan, og måltaket nås tilnærma for alle åra i perioden.

Utvikling av lånegjeld og utgifter til renter og avdrag:

Tabellen nedanfor viser opptak av lån til investeringar og startlån. Den viser vidare lånegjeldsutvikling og totale utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Tala er basert på dei låneopptaka som er i investeringsbudsjettet (tal i 1.000):

	Lån til inv.	Start lån	Sum låneop.	Lånegj. Pr. 31.12	i % *	Vedteke måltal	Sum avdrag	Sum renter	Sum rent. og avdr.
2021	76 200	3 000	79 200	572 198	84,1 %	85,0 %	29 659	10 007	39 665
2022	60 000	3 000	63 000	603 866	100,5 %	85,0 %	31 333	10 130	41 463
2023	46 105	5 000	51 105	620 372	91,2 %	85,0 %	34 599	18 828	53 427
2024	37 560	5 000	42 560	627 812	93,9 %	85,0 %	35 089	19 866	54 956
2025	21 090	5 000	26 090	618 578	95,0 %	85,0 %	35 325	19 674	54 998
2026	10 810	5 000	15 810	599 593	92,3 %	85,0 %	34 795	19 428	54 223

Tall i 2021 er regskapstall og i 2022 er prognose for regnskap.

*i % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda aukar med om lag 27,4 mill. kr. frå utgangen av 2021 til slutten av planperioden. Låneopptak i 2023 inneholder «rest» av låneopptak frå 2022, på om lag 14 mill. kr. etter at låneopptak i 2022 er gjennomført.

Sjå også kommentar under kap. 2.1. om rente og avdragsutgifter.

For nærmere informasjon om investeringsprosjekta blir det vist til kap.3.

Korrigert for låneopptak knytt til **sjølvkost** viser lånegjelda slik utvikling i planperioden:

	Lånegj. pr. 31.12	Sjølvkost	Korrigert lånegjeld	i %	Vedteke måltal
2023	620 372	105 404	514 967	75,7 %	75,0 %
2024	627 812	125 831	501 981	75,1 %	75,0 %
2025	618 578	145 909	472 669	72,6 %	75,0 %
2025	599 593	159 819	439 774	67,7 %	75,0 %

I budsjettet er det gjort ei berekning av renter og avdrag knytt til sjølvkostinvesteringar. Dette er gjort med utgangspunkt i sjølvkostkalkyla, som er utarbeidd i eit eige fagsystem. Til saman er renter og avdrag berekna til 8,6 mil. kr. Kostnaden er ført opp på ansvar 444 knytt til sjølvkost, og reduserer dermed renter og avdrag ført på ansvar 810. Vidare i planperioden aukar kostnaden til 9,7 mill. kr. i 2024, 9,9 mill. kr. i 2025 og 10,8 mill. kr. i 2026. Kostnaden vil variere med gjennomførte sjølvkostinvesteringar.

Når det gjeld startlån er det lagt opp til å auke låneopptaket frå 3,0 mill. kr. til 5,0 mill. kr. årleg.

Fondsutvikling:

Tabellen viser budsjettert utvikling av dei ulike fondstypane ved utgangen av kvart år i planperioden (tal i 1000):

Tal i 1000	R 21	Reg.B22	B22	B23	B24	B25	B26
Ubunde investeringsfond	9 658	10 447	4 677	13 428	20 041	28 626	35 321
Bunde investeringsfond	3 100	3 147	3 098	3 194	3 242	3 290	3 340
Dispositionsfond	111 133	85 646	60 773	80 625	78 821	77 487	78 165
Bunde driftsfond	23 730	21 225	16 652	15 463	13 329	13 568	14 159
Sum fond	147 622	120 464	85 199	112 710	115 433	122 971	130 984
Disp.fond i % av driftsinntekter	16,3 %	14,3 %	10,2 %	11,9 %	11,8 %	11,9 %	12,0 %
Måltal	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %	8,0 %

Kolonna «Reg.B22» er ajourført i tråd med vedtak i kommunestyret gjennom året t.o.m. 31.10.22.

Dispositionsfond er dei midlane kommunen "fritt" kan nytte til drifts- og investeringsformål. **Dispositionsfond i % av brutto driftsinntekter** er det nøkkeltalet som saman med netto driftsresultat seier kor stor handlefridom kommunen har til å takle uførutsette hendingar og til å eigenfinansiere investeringar. Dispositionsfond inneholder også premieavviket.

Det er lagt inn avsetning til landbruksfond med kr. 400.000 årleg, og til næringsfond med kr. 500.000 årleg.

Det er budsjettert bruk av dispositionsfond med 5,82 mill. kr i 2023.

Vidare i planperioden er det budsjettert med avsetning på 1,9 mill. kr. i 2024, bruk av fondet med 1,1 mill. kr. i 2025 og avsetning på 0,9 mill. kr. i 2026.

Det er lagt til grunn bruk av flyktningefond med 3,0 mill. kr. for kjøp av leilighet i 2023. Dette er ført opp i investering. Det er lagt til grunn tilsvarende avsetning til flyktningfondet i 2023.

Ved evt. gode rekneskapsresultat bør det som tidlegare prioriterast å styrke fonda gjennom avsetningar, og ikkje til å påføre kommunen nye varige auka driftsutgifter.

2.7 *Investeringsbudsjettet*

Det er lagt opp til slike *brutto* investeringar i planperioden:

tal i 1000	2022*	2023	2024	2025	2026	Sum planperioden
Sektor administrasjon	80 223	42 331	45 550	26 650	19 650	134 181
herav IKT	1 500	1 600	1 200	1 200	1 200	5 200
Sektor oppvekst	1 800	1 500	1 950	2 000	4 000	9 450
Sektor helse	550	4 450	3 000	700	400	8 550
Brutto investeringer	82 573	48 281	50 500	29 350	24 050	152 181

*Opprinnelige budsjett

Kommunestyret **vedtar** investeringsbudsjettet på dette nivået, jfr. **bevilgningsskjema investering**, og rekneskapen for 2023 blir lagt fram på same nivå.

Alle investeringar er kommentert under kap. 3 «Kommentarar til investeringsbudsjettet».

Liste over samlede investeringsprosjekt er vedlagt budsjettet.

Totale investeringar for dei ulike åra og finansiering av investeringane går fram av tabellen:

tal i 1000	2022*	2023	2024	2025	2026	Sum planperioden
Brutto investeringer	82 573	48 281	50 500	29 350	24 050	152 181
Bruk av lån	-45 394	-32 515	-37 530	-21 090	-10 810	-101 945
Tilskudd/sal/refusjonar	-18 950	-1 313				-1 313
Momskompensasjon	-14 064	-4 706	-4 770	-2 460	-2 240	-14 176
Bruk av fond	-4 164	-9 747	-8 200	-5 800	-11 000	-34 747
Sum finansiering	-82 573	-48 281	-50 500	-29 350	-24 050	-152 181
Lånefin.grad	55,0 %	67,3 %	74,3 %	71,9 %	44,9 %	67,0 %
Eigenk.grad	5,0 %	20,2 %	16,2 %	19,8 %	45,7 %	22,8 %

*Opprinneleg budsjett

Samla binvesteringsbudsjett (inkl. avsetningar og startlån) for planperioden er 190,8 mill. kr., der brutto investeringar utgjer 152,2 mill.kr.

Det er lagt opp til at IKT-investeringar, som har kort levetid, blir finansiert med bruk av investeringsfond. I tillegg er bærekraftige investeringar samt nokre andre investeringar finansiert med eige fond (sjå også kapittel 2.4). Som følgje av dette er eigenkapitalgraden auka frå førra planperiode.

2.8 Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper

Tabellen viser utviklinga av dei ulike kostnadsartane innafor tenesteområda frå opprinneleg budsjett 2022 til 2023.

Tal i 1000	Budsjett 2022	Budsjett 2023	%-vis endr. B22 - B23
Lønsutgifter (art 10)	356 011	399 064	12,1 %
Varer / tenester innan komm. produksjon (art 11 og 12)	88 770	88 720	-0,1 %
Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13)	69 516	85 697	23,3 %
Overføringer (art 14)	47 565	47 513	-0,1 %
Finansieringsutgifter / transaksjonar (art 15)	7 123	9 645	35,4 %
Sum utgifter	568 985	630 639	10,8 %
Salsinntekter (art 16)	-70 723	-78 313	10,7 %
Refusjonar (art 17)	-53 974	-59 215	9,7 %
Overføringer (art 18)	-3 626	-7 295	101,2 %
Finansinntekter / transaksjonar (art 19)	-5 450	-4 282	-21,4 %
Sum inntekter	-133 773	-149 105	11,5 %
Nettoutgift planområda	435 212	481 534	10,6 %

Kommentar til nokre endringar:

Lønsutgifter (art 10): Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter er auka 12,1 %. Lønsutgifter inkluderer pensjonspremie, og denne er auka frå 16 % til 23,2 % på tenesteområda frå 2022 til 2023.

Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13): Auken er hovedsakleg knytt til auka betaling til andre kommunar, og det er m.a. knytt til refusjon og betaling til Midt-Gudbrandsdal flyktingteneste som følgje av fleire busette flyktningar. Det er også auke kostnader til andre interkommunale ordningar (sjå eigen tabell under kapittel 4). I tillegg er det noko auke i betaling til private, og det omhandler m.a. kjøp at teneste til ressurskrevjande brukar.

Finansieringsutgifter / transaksjoner (art 15): Renter og utgifter knytt til sjølvkost er i budsjettet ført på delansvar 444 for sjølvkost, og dette noko av årsaka til auken på arten. I tillegg er avsetning til ubundne investeringsfond jf. handlingsregel ført på denne arten, og gir auke frå 2022 til 2023.

Overføringer (art 18): Integreringstilskot er ført på denne arten og er forklaring på auken.

Finansinntekter/transaksjonar (art 19): Reduksjonen heng saman med mindre bruk av bundne fond (sjølvkost) frå 2022 til 2023.

3. KOMMENTARAR TIL INV. BUDSJETTET

3.0 Innleiing

Det er budsjettert med investeringar for 136,7 mill. kr. eks. moms og tilskudd (brutto 152,2 mill. kr.) i planperioden, og av dette er det budsjettert med 42,9 mill. kr. i 2023 (48,3 mill. kr. brutto).

Det er lagt opp til at IKT-investeringar, som har kort levetid, blir finansiert med bruk av fond. I tillegg er bærekraftige investeringar finansierert med fond, jf. vedteke handlingsregel for avsetning til eige fond i KS-sak 66/22.

Samla bruk av lån i planperioden er 101,9 mill.kr. Av dette er 63,7 mill. kr. relatert til sjølvkostprosjekt.

Investeringsbudsjettet vart frå 2020 delt inn i desse **rammeområda**:

- Sektor administrasjon
- Sektor oppvekst
- Sektor helse

I investeringsbudsjett er intensjonen å ha eit realistisk ambisjonsnivå. I tillegg til dei investeringane som er ført opp i planperioden kjem, på lik linje med tidlegare år, oppregulering/rebudsjettering av investeringsprosjekt som ikkje er fullført i 2022. Det blir også vist til KS-sak 73/22 og 102/22 der det vart vedteke nedregulering av investeringsbudsjett på til saman 62,5 mill. kr.

Nytt frå budsjettåret 2023 er at for større investeringar, der totalkostnaden ikkje er kjent, er det førebels berre lagt inn midlar til planlegging/prosjektering. Dette er kommentert konkret på det enkelte prosjekt det gjeld. Hensikten er at kommunestyret skal få eigne saker med mest mogleg eksakte prosjektkostnader til behandling før det blir gjort vedtak om større investeringar. Dette er også i tråd med ei av anbefalingene gitt i forvaltningsrevisjonen som omhandla planlegging og gjennomføring av investeringar behandla i kommunestyret, KS-sak 54/22. Kommunestyret gjorde slikt vedtak som del av punkt 2 i saka:

*«- Planlegging og gjennomføring av større investeringsprosjekter bør deles i faser. Som et minimum bør det alltid foreligge et forprosjekt. Forprosjektet bør inkludere behovsvurderinger og alternative måter å gjennomføre prosjektet.
-I alle faser av investeringsprosjekter bør premisser bak kostnadsanslag og usikkerhet analyseres. Saksframlegg til kommunestyret bør redegjøre for disse vurderingene.
-For prosjekter som går over flere år bør det sørges for at fordelingen av kostnadsrammen på år i årsbudsjetter og økonomiplan er basert på en realistisk framdriftsplan.»*

Større investeringsprosjekt på samla over 1 mill. kr. netto i planperioden:

- Generelt vedlikehald kommunale vegar: Til fast dekke er det avsett 1,2 mill. kr. i 2023. Vidare i planperioden er det avsett 0,4 mill. kr. årleg. I tillegg er det ført opp midlar i drift.
- Gatelys: Det er ført opp 0,4 mill. kr. årleg i planperioden for overgang til LED-lys. Tiltaket er finansiert med investeringsfond for bærekraftige investeringar.
- Rehabilitering kommunale bygg: Det er ført opp 0,4 mill. kr. årleg til rehabilitering av kommunale bygg.
- Solcelle kommunale bygg: For oppføring av solcelle på kommunale bygg er det ført opp 1,6 mill. kr. i 2023 og 2,4 mill. kr. i 2024. Tiltaket er finansiert med investeringsfond for bærekraftige investeringar.
- Energitiltak kommunale bygg: Til ulike energitiltak på kommunale bygg er det avsett 2,4 mill. kr. i 2023 og 1,6 mill. kr. årleg vidare i planperioden. Tiltaket er finansiert med investeringsfond for bærekraftige investeringar.
- Utbetring Kåja festivalområde: Det er ført opp 1,2 mill. kr. i 2023 til ulike utbedringar av festivalområdet. I tillegg kjem oppregulering av 0,4 mill. kr. frå 2022, jf. KS-sak 73/22.
- Kjøp leilighet flyktningbolig: Til kjøp av leilighet for flyktningar er det ført opp 3 mill. kr. i 2023. Tiltaket er finansiert med bruk av flykningefond.
- Brannvarslingsanlegg kyrkjer: Det er ført opp 1,6 mill. kr. i 2023 og 2026, samt 1,44 mill. kr. i 2024 og 2025 for tilskott Kyrklege Fellesråd for oppføring av brannvarslingsanlegg i kyrkjene.
- Grunnkjøp / grunnerstatning: Det er sett av 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.
- Nye bustadomter: Til opparbeiding av nye bustadomter er det ført opp til saman 4 mill. kr. i planperioden.
- Flytting v/a-leidning Brynsmoen: Det er ført opp 4 mill. kr. i 2024 for flytting av v/a-leidning i Brynsmoen.
- Overflatevann Lomoen: For utbetring av overflatevatn og tilrettelegging av næringstomt i Lomoen er det ført opp 1,2 mill. kr. i 2023. I tillegg ligg det eit forventa tilskot på 0,5 mill. kr.
- Leiligheter: Det er ført opp til saman 12 mill. kr. i 2023 og 2024 til kjøp av leiligheter.
- Driftsovervåking: Til kjøp av nytt driftsovervåkingsystem ved vannverka er det ført opp til saman 6 mill. kr. fordelt på 2023 og 2024.
- Mindre nyanlegg kloakk: De er ført opp til saman 4 mill. kr. i planperioden.
- Kvam renseanlegg: Til utbetring av overløp/innløp til renseanlegget er det ført opp 5 mill. kr. i 2023. Vidare er det ført opp 1 mill. kr. i 2025 til planlegging av biologisk rensetrinn. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.
- Kloakkledning Kvamsfjellet: Til planlegging av oppgradering av avløpsledning frå Kvamsfjellet er det ført opp 1 mill. kr. i 2024.
- Innlekking: For å redusere innlekking på kloakkledningsnettet er det avsett til saman 12 mill. kr. i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av 12 mill. kr. frå 2022, jf. KS-sak 102/22. Prosjektet må sjåast i samanheng med vedtak i representantskapet for

interkommunale ordningar, og jf. KS-sak 130/15, der alt avløp skal overføres til Frya RA og Vinstra Renseanlegg blir nedlagt.

- Oppgradering av vassleidningar: Det er avsett totalt 10 mill. kr. i planperioden. Prosjektet må sjåast saman med innlekkingsprosjektet. I tillegg kjem oppregulering av 1 mill. kr. frå 2022, jf. KS-sak 102/22.
- Byre høgdebasseng: Det er ført opp 1 mill. kr. i 2025 for planlegging av nytt høgdebasseng.
- Mengdemålere høgdebasseng/brutt vannspeil: For gjennomføring av tiltaket er det ført opp 1,5 mill. kr. i 2023 og 2,3 mill. kr. i 2024. Tiltaket inkluderar også oppgradering av Kvam høgdebasseng.
- Givravaet pumpestasjon: Det er ført opp til saman 2 mill. kr. i 2023 og 2024.
- Generell oppgradering høgdebasseng: Det er ført opp 2,5 mill. kr. årleg i 2024, 2025 og 2026.
- Økt kapasitet Byrevn. – Torehaugvn.: For utbetring av avløpsrør er det ført opp 1,5 mill. kr. i 2024.
- Høgdebasseng Skåbu: Det er ført opp 1,2 mill. kr. i 2025 for planlegging av nytt og oppgradering av eksisterende høgdebasseng.
- IKT-investeringar: Det er sett av 1,7 mill. kr. i 2023. Dette inkluderar kjøp av nettbrett til folkevalde. Vidare i planperioden er det avsett til saman 0,8 mill. kr. årleg. Det er lagt opp til at investeringane blir finansiert med bruk av investeringsfond.
- Fron badeland: Det er ført opp 0,25 mill. kr. årleg i investeringstilskott til Fron badeland.
- Skoler: Det er ført opp til saman 0,8 mill. kr. til prosjektering skolestruktur i 2023 og 2024. I tillegg kjem oppregulering av 0,32 mill. kr. frå 2022, jf. KS-sak 73/22. Det er ført opp 1,6 mill. kr til større vedlikehald ved Kvam skole i 2025. I tillegg er det ført opp 3,2 mill. kr. til nye nettbrett i 2026. Det er lagt opp til at dette blir finansiert med bruk av investeringsfond.
- Barnehagebygg: Det er ført opp til saman 1,24 mill. kr. i planperioden til prosjekt knytt til barnehagebygg.
- Trygdebustader: Det er ført opp 0,4 mill.kr. årleg i planperioden for større vedlikehald/rehabilitering av bustadene.
- Sundheim, vidare utbygging: Det er ført opp til saman 1,2 mill. kr. i åra 2023 og 2024 for å starte arbeidet med planlegging av vidare utbygging ved Sundheim.

Følgjande prosjekt er ført opp med bruk av nytt ubunde investeringsfond knytt til bærekraft:

Prosjekt	2023	2024	2025	2026
3015 Gatelys	400	400	400	400
3241 Solcelle på kommunale bygg	1 600	2 400		
3242 Energitiltak kommunale bygg	2 400	1 600	1 600	1 600
6094 Ladestasjoner hjemmetjenesten	600			
Sum	5 000	4 400	2 000	2 000

For prosjekt som berre er ført opp med planleggings/prosjekteringskostnad vil det etter planlegging bli lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare. Dette gjeld for følgjande prosjekt:

Prosjekt	Planleggingskostnad			
	2023	2024	2025	2026
3245 Nye lokaler brannstasjon	400			
5071 Bygg Vinstra park			800	
3247 Flomvoll Kvam	400			
3022 Vinstra RA – omlegging til pumpestasjon		500		
3205 Byre høgdebasseng			1 000	
3091 Kryssing Lågen v/a		600		
3252 Bustadfelt Huskero			500	
3021 Kvam RA (biologisk rensetrinn)			1 000	
3122 Kloakkledning Kvamsfjellet		1 000		
3257 Høgdebasseng Skåbu			1 200	
3258 Avløpsrenseanlegg Skåbu			500	
4106 Skolestruktur	400	400		
6044 Omsorgsbustad TT	400			
6089 Sundheim – utbygging vidare	400	800		

Generelt om inv.budsjett:

Meirverdiavgift:

Kostnader blir som hovedregel ført brutto, dvs. inkl. mva. på det enkelte prosjekt i investeringsbudsjettet. Meirverdiavgift (momskompensasjon) blir inntektsført på eigen funksjon, men på rett prosjekt og ansvar.

Det er unntak for vatn(avløp). For desse prosjekta gjeld ikke momskompensasjon, men ordinær meirverdiavgift. Kostnaden blir da ført netto, dvs. eks. mva, på det enkelte prosjekt. Meirverdiavgifta blir rekneskapsført i balanse.

Frå og med budsjett 2021 er oversikt over investeringsprosjekta presentert med netto kostnad. For prosjekt der det blir lagt til grunn tilskott, refusjoner og liknande er dette omtalt særskilt (gjeld ikkje momskompensasjon).

3.1 *Sektor administrasjon*

Sektor administrasjon inneheld tenesteområda personal/organisasjon, økonomi/strategi, teknisk, kultur/kommunikasjon. Under tenesteområda kan det vera eit eller fleire delansvar.

I investeringsbudsjettet er det brukt følgjande delansvar knytt til sektoren:

Delansvar 440 – Veg og fordelte kostnader

Delansvar 441 – Kommunale bygg

Delansvar 442 – Utleigebrygg

Delansvar 443 – Plan og landbruk

Delansvar 444 – Sjølvkostområder

Delansvar 453 – Arkiv og IKT (denne skal endrast til 420 før endelig budsjett)

Delansvar 490 - Interkommunale selskap.

På lik linje med tidlegare år er ei 100 % ingeniørstilling, 40 % av ei stilling knytt til planlegging samt ei 100 % stilling relatert til gjennomføring av ulike investeringsprosjekt (bygningsmessig, rehabilitering av vann/avløp etc) kostnadsført i investering.

Delansvar 440 – Veg og fordelte kostnader

Prosjekt 3013 Kommunale vegar, fast dekke.

Det er ført opp 1,2 mill. kr. i 2023 legging av nytt, fast dekke på kommunale vegar. Vidare i planperioden er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg. I tillegg ført opp midlar i drift (sjå også kapittel 4). Det er under arbeid ein hovudplan for veg, som skal til politisk behandling i 2023.

Prosjekt 3015 Gatelys.

For utskifting av gatelys/armatur til meir miljøvenleg kjelde er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg. Midlar til eventuell utskifting av rekksverk/autovern skal også dekkast av dette prosjektet. Prosjektet er fullfinansiert med bruk av ubundne investeringsfond for bærekraftige investeringar. Dersom det blir brukt midlar til rekksverk kan dette lånefinansierast eller dekkast av ordinært investeringsfond.

Prosjekt 5070 Benker og tilrettelegging sentrumsområder.

Til ulik tilrettelegging i sentrumsområder, benker m.m. er det ført opp kr. 160.000 årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (0,14 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22.

Delansvar 441 – Kommunale bygg

Prosjekt 2052 ENØK-tiltak.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2022 vil bil oppregulert i 2023 (0,69 mill. kr.) jf. KS-sak 73/22.

Prosjekt 3232 Rehabilitering kommunale bygg.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. årleg til ulike utbetringer ved kommunale bygg. Det er også ført opp midlar i drift for vedlikehald av kommunale bygg. Sjå også prosjekt 3241 Solcelle på kommunale bygg og prosjekt 3242 Energitiltak kommunale bygg.

Prosjekt 3233 Dagsturhytta.

I FS-sak 20/21 vart det gjort vedtak om at kommunen ønskjer å vera med i prosjektet «Dagsturhytta Innlandet», som inneber etablering av ei dagsturhytte i kommunen. Midlar til prosjektet var ført opp i budsjettet for 2022, men vart nedregulert og overført til 2023 jf. KS-sak 102/22 (1,2 mill. kr. netto). I budsjett for 2023 er det, i tråd med færre økonomiplan, lagt inn forventa refusjon ved fullført prosjekt på 0,735 mill. kr. Samla netto kostnad på prosjektet er 0,5 mill. kr.

Prosjekt 3241 Solcelle på kommunale bygg.

For oppføring av solcelle på kommunale bygg er det ført opp 1,6 mill. kr. i 2023 og 2,4 mill. kr. i 2024. Det er i gang ei vurdering av kva for kommunale bygg som egnar seg best. Prosjektet er fullfinansiert med bruk av ubundne investeringsfond for bærekraftige investeringar.

Prosjekt 3242 Energitiltak kommunale bygg.

Det er sett av 2,4 mill. kr. i 2023 og 1,6 mill. kr. årleg vidare i planperioden til ulike energitiltak ved kommunale bygg, som isolering, skifte vindu m.m. Prosjektet er fullfinansiert med bruk av ubundne investeringsfond for bærekraftige investeringar.

Prosjekt 3243 Laserprosjektor Vinstra kino.

For utskifting til laserprosjektor, samt bygningsmessige tilpasningar ved Vinstra kino, er det ført opp 0,64 mill. kr. i 2024.

Delansvar 442 – Utleigebrygg

Prosjekt 2006 Utbetring Kåja festivalområde.

Til utbetring av m.a. gjerde og amfi i Kåja er det ført opp til saman 1,2 mill. kr. i 2023. I tillegg kjem oppregulering av 0,4 mill. kr. frå 2022, jf. KS-sak 73/22.

Prosjekt 3244 Kjøp leilighet flyktningbolig.

Det er ført opp 3,0 mill. kr. i 2023 til kjøp av leilighet til utleie for flyktningar. Her kan det etter kvart bli aktuelt å sjå på finansiering med startlån, med tanke på eie til leietilrettelegging. Tiltaket er fullfinansiert med bruk av flyktningfond.

Prosjekt 3245 Nye lokaler brannstasjon.

For planlegging av nye lokalar til brannstasjon er det ført opp 0,4 mill. kr. i 2023. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 5065 Brannvarslingsanlegg kirka.

Det er ført opp 1,6 mill. kr. årleg i 2023 og 2026, samt 1,44 mill. kr. årleg i 2024 og 2025, for tilskot til Kyrklege fellesråd slik at det kan investerast i automatisk brannslokningsanlegg ved kyrkjene i kommunen.

Prosjekt 5059 Utbetring Sødorp kyrje.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2022 vil bli overført/oppregulert i 2023 (3,2 mill. kr. jf. KS-sak 73/22). I saka vart også forventa statleg tilskot på 0,9 mill. kr. nedregulert og dette vil også bli ført opp att i 2023.

Delansvar 443 Plan og tekniske tenester

Bustadbygging

Det er sett av midlar til opparbeiding av nye bustadtomter i planperioden, totalt 4 mill. kr. Nytt felt i Toksefeltet er forventa ferdig i 2022. Det er i gang arbeid med opparbeiding av tomter i Midtmoen, men mesteparten av arbeidet vil skje i 2023 og ubrukte midlar fra 2022 vil bli overført til 2023 (1,6 mill. kr. jf. KS-sak 73/22). Det er budsjettert med sal av tomter på Midtmoen og i Toksefeltet i planperioden. Inntekter ved sal av bustadtomter blir avsett til ubunde investeringsfond.

Kommunestyret vedtok i KS-sak 5/21 at tomter skal seljast til kostpris, med minstebeløp på kr. 330.000. Prisen inkluderar refusjon for kabelanlegg/gatelys. Det vart i KS-sak 8/22 gjort følgjande vedtak i tillegg:

«Kommunestyret vedtar å benytte dagens (2022) gebyrregulativ (pkt.9 - tomtekjøp og refusjon for bustadtomter) gjeldende ved salg av nye tomter med den endring at de nye tomtene på Toksefeltet og Midtmoen skal prises individuelt med en maks pris på kr. 600.000 (refusjon) for den enkelte tomt i en overgangsordning. Råtomtporis kommer i tillegg».

I KS-sak 5/21 vart i tillegg gjort vedtak om at det skal gis bustadtilskott. Bustadtilskottet var auka frå kr. 100.000 til kr. 200.000 i 2022, jf. KS-sak 8/22. Det er lagt inn kr. 400.000 årleg til utbetaling av slikt tilskot i drift.

Tabell over *byggjeklare tomter* i dei ulike bustadområda i Kvam, Vinstra, Skåbu:

	Område	Ledige	Opsjonsavtale
Vinstra	Toksefeltet, eldre tomter	3	1
	Toksefeltet, nytt tomtfelt	8	2
Sorperoa	Midtmoen	0	0
	Knutsmorka	0	0
Ruste	Huskero	0	1
Kvam	Brubakken	1	0
	Skreddarstuggu	0	0
	Bergum	2	0
	Brendevegen	1	1
	Gunnersvingen	1	0
	Anderstuggulykkja	1	0
Skåbu	Austlifeltet	6	0
	Lykkja	1	0
Totalt		24	5

Prosjekt 2004 Grunnkjøp.

For å kunne kjøpe areal er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg i planperioden.

Dette kan gjelde både ordinært kjøp av areal, og kjøp der pris blir fastsett ved skjønn.

Prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde og Prosjekt 3188 Flomsikring/overvann Vinstra.

Opparbeidinga av tomter inkl. flomsikring/overvatn er forventa ferdigstilt i 2022.

Det er lagt opp til sal av tomter i Toksefeltet kvart år i planperioden, og inntekter frå salet er avsett til ubunde investeringsfond.

Prosjekt 2022 Midtmoen bustadområde.

Opparbeiding av fleire tomter er i gang i 2022, men mesteparten av arbeidet vil skje i 2023 og ubrukte midlar frå 2022 vil bli overført/oppregulert til 2023 (1,6 mill. kr. jf. KS-sak 73/22). Det er lagt opp til sal av tomter alle åra i planperioden, og inntekter frå salet er avsett til ubunde investeringsfond.

Prosjekt 3196 Flomsikring Givra og Prosjekt 5055 Vinstra Park.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjekta. Det vil stå att noko restarbeid til 2023, og dette vil bli finansiert med overførte midlar frå 2022 (4,0 mill. kr. jf. KS-sak 102/22).

Prosjekt 3222 Rondablikkdokka.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2022 (0,4 mill. kr.) vil bli oppregulert i 2023, jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 3234 Lys bunnlastsperre Fagervold.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet, men ubrukte midlar frå 2022 (1,3 mill. kr.) vil bli vurdert overført til 2023 jf. KS-sak 73/22 og 102/22. Prosjektet er delfinansiert med resterande skjønnsmidlar etter flom (om lag 1,0 mill. kr.)

Prosjekt 3237 Nye boligtomter.

Det er ført opp samla 4,0 mill. kr. i åra 2023, 2024 og 2025 for å kunne opparbeide nye bustadomter i Vinstraområdet.

Når det gjeld næringstomter har kommunen ikkje tilgjengeleg areal i dag, og det er pr. no heller ikkje grunnlag for at nokon private vil selje frivillig til kommunen.

Prosjekt 3238 Flytting v/a-leidning Brynsmoen.

V/A leidning i Brynsmoen må, som følgje av tidlegare inngått avtale, flyttast av hensyn til grusuttak. Det er ført opp 4,0 mill. kr. til prosjektet i 2024.

Prosjekt 3246 Hovudplan overvatn.

Det er ført opp 0,8 mill. kr. i 2024 for utarbeiding av hovudplan for overvatn.

Prosjekt 3247 Flomvoll Kvam.

Til prosjektering/planlegging av flomvoll i området ved fabrikken i Kvam er det ført opp 0,4 mill. kr. i 2023. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3248 Overflatevatn Lomoen.

For utbetring av overflatevatn-problematikk ved privat næringstomt i Lomoen er det ført opp 1,2 mill. kr. i 2023. I tillegg er det lagt til grunn tilskot frå private på 0,5 mill. kr., slik at netto etter tilskot er 0,7 mill. kr.

Prosjekt 3249 Sanering motorsportarena Rustmoen.

I tråd med avtale med grunneigar skal kommunen sanere tidlegare motorportarena i Rustmoen. Det er ført opp 0,8 mill. kr. til tiltaket i 2023.

Prosjekt 5071 Bygg Vinstra park.

Det må sjåast vidare på kva dei ulike kommunale bygga skal innehalde framover, også med tanke på eit framtidig kommunalt bygg («Storstuggu») ved Vinstra park. Det er førebels lagt inn 0,8 mill. kr. i 2025 til planlegging, men ein reell kostnad vil først foreligge når det er konkludert rundt innhald. Etter planlegging i 2025 vil det bli lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare. Eventuelle tiltak kan også sjåast i samanheng med framtidig val av skolestruktur i Vinstra-området.

Prosjekt 5072 Leiligheter.

Det er lagt inn totalt 12 mill. kr. i 2023 og 2024 til kjøp av leiligheter i området ved Vinstra park.

Delansvar 444 – Sjølvkostområder

Prosjekta påverkar sjølkostberegninga knytt til vatn og avløp gjennom kostnader knytt til avskrivning og kalkulatorisk rente.

Prosjekt 3006 Driftsovervåkning vatn(avløp).

Det er i 2022 gjennomført planlegging / prosjektering for innkjøp av nyt system knytt til driftsovervåkning av vatn og avløp. Som følgje av dette er det ført opp totalt 6 mill. kr. fordelt på 2023 og 2024 til innkjøpet. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (1,5 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg.

Til prosjektering og etablering av mindre nyanlegg knytt til avløp er det ført opp 1 mill. kr. årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (1,5 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 3021 Kvam renseanlegg.

Det må gjennomførast utbetringar av overløp/innløp til Kvam renseanlegg, og det er lagt inn 4 mill. kr. til tiltak i 2023. I tillegg er det lagt inn 1 mill. kr. i 2025 for planlegging av biologisk rensetrinn/renseprosess ved anlegget. Etter planlegging i 2025 vil det bli lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg – omlegging til pumpestasjon og Prosjekt 3029

Brattliflata vassverk.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. i 2024 til planlegging / prosjektering. I tillegg kjem eventuell oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (4 mill. kr. i jf. KS-sak 73/22). Det gjenstår m.a. avklaringar med Sør-Fron kommune før konkret planlegging kan starte. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare. Dette inkluderar også konsekvensar av vannledning til Brattliflata vassverk, med utbetring av høgdebassensen og bygging av ny leidning frå Vinstra til Brattliflata, og eventuell utbygging av ledningsnett vidare mot Fefor/Feforåsen. Det er ikkje ført opp nye midlar til Brattliflata vassverk, men ubrukte midlar frå 2022 (6,7 mill. kr. jf. KS-sak 73/22) vil bli vurdert oppregulert i 2023.

Prosjekt 3075 Nedlegging Skrinde kloakkpumpestasjon.

For nedlegging av Skrinde kloakkpumpestasjon må det på plass ein sjølvfallsledning avløp og vannledning frå Skrinde/Sundstugu til Sundheim. Det er ført opp til saman 5,4 mill. kr. i 2025 og 2026 for gjennomføring av tiltaket.

Prosjekt 3091 Kryssing Lågen v/a.

Til planlegging av kryssing over Lågen med VA, samt ny avløpspumpestasjon ved Vinstra elva, er det ført opp 0,6 mill. kr. i 2024.

Prosjektet er delvis avhengig av løysing for avløp fra Gålå (jf. prosjekt 3022 og 3029) og er også relevant med tanke på forsyningssikkerheit for Vinstra. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3122 Kloakkledning Kvamsfjellet.

Det er ført opp 1 mill. kr. i 2024 til oppgradering av avløpsledning fra Kvamsfjellet. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3135 VA-anlegg Frostadjordet.

Det er lagt inn 0,6 mill. kr. i 2024 til overbygg for trykkøker knytt til VA-anlegg Frostadjordet.

Prosjekt 3192 Kloakkledninger innlekkning.

I samband med vedtak om vidare drift ved Frya Renseanlegg har Nord-Fron forplikta seg til å redusere innlekkning på kloakkledningsnettet. Det er ført opp til saman 12 mill. kr. til arbeidet i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (12,0 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 3203 Vassleidning – oppgradering.

Det er ført opp 4 mill. kr. i 2023 og 2 mill. kr. årleg vidare i planperioden til oppgradering av vassleidningar på Vinstra, i Kvam og i Skåbu. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (1,0 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22. Prosjektet må også sjåast i samanheng med prosjekt 3192 Kloakkledninger innlekkning.

Prosjekt 3205 Byre høgdebasseng.

Til planlegging av nytt Byre høgdebasseng er det ført opp 1 mill. kr. i 2025. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3205 Mengdemålere høgdebasseng/brutt vannspeil.

I samband med innlekkingsproblematikk er det ført opp midlar til mengdemålarar og overløpsregistrering i avløpspumpestasjonar, samt brutt vannspeil som manglar dette. Det er ført opp 1,5 mill. kr. i 2023 og 2,3 mill. kr. i 2024 til tiltaket.

Prosjekt 3226 Utbetring Strandgata.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet, men ubrukte midlar frå 2022 (1,0 mill. kr.) vil bli oppregulert i 2023, jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 3227 Vassledning Moafeltet, Kvam.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet, men ubrukte midlar frå 2022 (2,0 mill. kr.) vil bli oppregulert i 2023, jf. KS-sak 73/22.

Prosjekt 3229 Utviding ledningsnett Måsåplassen/Klevstadlykkja.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet, men ubrukte midlar frå 2022 (2,0 mill. kr.) vil bli oppregulert i 2023, jf. KS-sak 73/22.

Prosjekt 3251 Givravaet pumpestasjon.

Til rør- og nedtappingsarrangement ved Givravaet pumpestasjon er det ført opp til saman 2 mill. kr. i 2023 og 2024. Det kan bli noko privat tilskot til tiltaket, men dette er så langt ikkje teke høgde for.

Prosjekt 3252 VA utbygging bustadfelt Huskero.

I samband med eventuell utbygging av bustadfelt i Huskero må det gjennomførast utbygging av vann og avløp m. m. Det er lagt inn 0,5 mill. kr. i 2025 til planlegging av tiltaket. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3253 Generell oppgradering høgdebasseng.

Til oppgradering av ulike høgdebasseng knytt til det bygningsmessig, hms, hygienisk sikkerheit m.m. er det ført opp 2,5 mill. kr. årleg i åra 2024 – 2026.

Prosjekt 3254 Økt kapasitet Byrevn. – Torehaugvn.

For utbetring av flaskehals knytt til avløpsrør i området Byrevegen - Torehaugvegen er det ført opp 1,5 mill. kr. i 2024.

Prosjekt 3256 Rammeplan VA for Skåbu.

Det er ført opp 0,6 mill. kr. i 2023 for utarbeiding av rammeplan for vann/avløp for Skåbu.

Prosjekt 3257 Høgdebasseng Skåbu.

Til planlegging av nytt høgdebasseng for hyttefelt og oppgradering av eksisterende høgdebasseng i Skåbu er det ført opp 1,2 mill. kr. i 2025. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Prosjekt 3258 Oppgradering avløpsrenseanlegg Skåbu.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. i 2025 til planlegging av oppgradering av avløpsrenseanlegg i Skåbu. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare.

Delansvar 453 – Arkiv og IKT

Arkiv og IKT er frå 1.5.2022 organisiert som del av Personal og organisasjon.
IKT-investeringar har kort levetid, og er difor finansiert med investeringsfond.

Prosjekt 8001 IKT-investeringar.

Til ulike IKT-investeringar er det satt av kr. 4,4 mill. kr. i planperioden.
Dette gjeld m.a. vidareføring av arbeid med å gå over til skybaserte tenester, innføring av Office 365, investering i hardware for å sikre stabilitet i datasenteret, utskifting av trådløsnett og utskifting av utstyr.

Prosjekt 8018 Innkjøp PC.

I samband med kommunevalet er det ført opp 0,1 mill. kr. for kjøp av nye nettbrett til folkevalde.

Delansvar 490 – Interkommunale selskap (under sektor adm.)

Prosjekt 3148 Geodata/kart (GIS).

Det er ført opp ein netto kostnad på kr. 47.000 årleg i 2023 til nye modular relatert til kartsystemet. I netto-talet er forventa refusjon frå Sør-Fron og Ringebu teke hensyn til. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 19.10.22.

Prosjekt 5022 Svømmehall Fron badeland.

Til større vedlikehald og utbetringar ved Fron Badeland er det ført opp kr. 250.000 årleg i planperioden. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 19.10.22.

3.2 Sektor oppvekst

Sektor oppvekst inneholder tenesteområda innan skole og barnehage, samt interkommunale selskap knytt til oppvekst.

I investeringsbudsjettet er alle prosjekta knytt til sektoren ført opp under ansvar 510 Sektor Oppvekst.

Prosjekt 4003 Leikeplassutstyr barnehager.

Til innkjøp av leikeplassutstyr til barnehagane er det ført opp 0,44 mill. kr. i 2024.

Prosjekt 4025 Vedlikehald Kvam skole.

Det er ført opp 1,6 mill. kr. i 2025 til større vedlikehald ved Kvam skole. Dette er m.a. knytt til utskifting av tak, vindu og utbetring av fasade. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2022 (0,22 mill. kr.), jf. KS-sak 102/22, for ferdigstilling av arbeid knytt til grupperom, personalrom m.m.

Prosjekt 4041 Uteanlegg Barhaug skole.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. i 2023 til oppgradering av uteområdet ved Barhaug skole.

Prosjekt 4076 VUS – akustikk m.m..

Til utbedring av akustikk m.m. ved Vinstra ungdomsskole er det ført opp 0,32 mill. kr. i 2024.

Prosjekt 4102 Nettbrett og PC skole.

Til kjøp av nettbrett og pc-ar ved skolane er det ført opp 3,2 mill. kr. i 2026. Tiltaket er finansiert med bruk av ubundne investeringsfond (jf. at dette er investering med kort levetid).

Prosjekt 4103 Uteområde Toksebakken.

For utbetring og tilrettelegging av uteområdet i Toksebakken barnehage er det ført opp 0,4 mill. kr. i 2024.

Prosjekt 4106 Prosjektering skolestruktur.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. årleg i 2023 og 2024 til vidare av arbeid (planlegging / konsulentbistand) som følgje av kommunestyret si behandling av skolestrukturprosjektet (i møte 15.11.22). Når det gjeld eventuelle investeringar vil dette måtte konkretiserast, og leggjast fram som eiga sak, etter at det er gjort vedtak i skolestruktur-saka. I tillegg til nye midlar blir ubrukte midlar frå 2022 overført/ oppregulert til 2023 (0,32 mill. kr. jf. KS-sak 73/22).

Prosjekt 4108 Toksebakken, utesoveplass.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. i 2023 for tilrettelegging av utesoveplass i Toksebakken barnehage.

3.3 Sektor helse

Sektor helse inneholder tenesteområda innan pleie/omsorg, tenester for funksjonshemma og forebyggjande tenester samt, samt interkommunale selskap knytt til helse.

I investeringsbudsjettet er alle prosjekta knytt til sektoren ført opp under ansvar 610 Sektor Helse.

Prosjekt 3240 Kjølecelle.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet, men ubrukte midlar fra 2022 vil bli oppregulert i 2023 (0,28 mill. kr.) jf. KS-sak 102/22. Prosjektet er finansiert med bruk av disposisjonsfond, jf. KS-sak 26/22.

Prosjekt 6004 Større vedlikehald Trygdebustader.

Til større vedlikehald av trygdebustader er det ført opp 0,4 mill. kr. årleg i planperioden. I tillegg til blir ubrukte midlar fra 2022 overført/oppregulert til 2023 (0,64 mill. kr. jf. KS-sak 73/22 og 102/22).

Prosjekt 6005 Ventilasjon Sundheim.

Til utbetring av ventilasjon ved Sundheim, spesielt knytt til kjøkkenet, er det ført opp 0,8 mill. kr. i 2023.

Prosjekt 6028 Landingsplass helikopter.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. i 2023 til landingslys på helikopterplass ved legesenteret.

Prosjekt 6044 Omsorgsbustad Tilrettelagte tenester.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. i 2023 til planlegging av flere bustader for brukarar innan tenesteområdet Tilrettelagte tenester. Etter planlegging blir det lagt fram eige sak for kommunestyret med konkrete kostnader vidare, og det kan også vera aktuelt å sjå dette opp mot vidare utbygging Sundheim (jf. prosjekt 6089 Sundheim – utbygging vidare). I tillegg kjem overføring av ubrukte midlar fra 2022 (0,8 mill. kr.) knytt til ferdigstilling av pågående oppføring av ny omsorgsbustad, jf. KS-sak 102/22. I saka var også forventa tilskott fra Husbanken på 1,0 mill. kr. nedregulert, og dette vil bli ført opp att i 2023.

Prosjekt 6063 TT- Takoverbygg og utbetring akustikk

Det er ført opp 0,2 mill. kr. i 2024 til takoverbygg ved ny bustad knytt til Tilrettelagte tenester samt ubetring av akustikk ved NOA.

Prosjekt 6066 Sundtunet – større vedlikehald.

Det er ført opp til saman 0,6 mill. kr. i 2023 og 2024 for større vedlikehald ved Sundtunet. Dette gjeld m.a. inngjerding, utbetring av medisinrom, garderoberrom og kontor.

Prosjekt 6089 Sundheim – utbygging vidare.

Til oppstart av arbeidet med planlegging for vidare utbygging av Sundheim er et ført opp til saman 1,2 mill. kr. i 2023 og 2024. Dette må også sjåast opp mot arbeid med Helse- og sosialplan (sjå kapittel 4).

Prosjekt 6090 Legekontor ventilasjon.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2022 (0,6 mill. kr.) vil bli oppregulert i 2023, jf. KS-sak 102/22.

Prosjekt 6093 Brannsikringstiltak ROP.

Det er ført opp 0,4 mill. kr. i 2023 for gjennomføring av brannsikringstiltak i lokala til Rus og psykisk helse.

Prosjekt 6094 Ladestasjoner heimetenesta.

I samband med at det skal leasast fleire el-bilar til heimetenesta er det ført opp 0,6 mill. kr. i 2023 til ladestasjonar. Prosjektet er fullfinansiert med bruk av ubundne investeringsfond for bærekraftige investeringar.

Prosjekt 6095 Avdelingskjøkken Sundheim – større vedlikehald.

Det er ført opp 0,72 mill. kr. i 2024 til utbetring av avdelingskjøkkena ved Sundheim.

Prosjekt 6096 Inventar sektor helse.

Til større innkjøp av inventar innan sektor helse er det ført opp kr. 240.000 i 2025.

Prosjekt 6090 Legekontor isolasjon.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2022 vil bli overført/oppregulert til 2023 (0,6 mill. kr. jf. KS-sak 73/22).

3.4 *Andre investeringsutgifter*

Prosjekt 7014 Eigenkapitalinnskott KLP.

Det er budsjettet med 1,55 mill. kr. i eigenkapitalinnskott til KLP for alle åra i planperioden. Dette er finansiert med bruk av disposisjonsfond.

4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET

4.0 Innleiing

Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter for budsjett- og økonomiplan 2023-2026 viser følgjande tal: **2023:** 0,5 %, **2024:** 2,1 %, **2025:** 1,6 % og **2026:** 1,9 % .

- Det er budsjettert med utbytte frå Gudbrandsdal Energi Holding AS og Innlandet Energi Holding AS på 8,8 mill. kr. årleg i planperioden. I budsjettet er 5,3 mill. kr. av dette avsette til eige ubunde fond for bærekraftige investeringar i 2023, jf. vedtak i KS-sak 66/22. Vidare i planperioden er heile utbytte avsett til fondet. Sjå også kap. 2 og 3.
- Netto inntekt ved sal av konsesjonskraft er auka med med 47,7 mill. kr. frå 2022 (22,3 mill. kr. i 2022 til 70 mill. kr. i 2023). Dette er basert på stipulerte priser i marknaden. Regjeringa har varsle trekk i rammetilskotet som følgje av høge konsesjonskraftinntekter. Dette trekket er i budsjettet stipulert til 29,1 mill. kr. Netto konsesjonskraftinntekt i 2023 etter trekk er 40,9 mill. kr. Det konkrete trekket vart kjent gjennom brev frå Kommunao og disktriksdepartementet 22.12.22, og det er på 36,434 mill. kr. Det vil bli lagt fram eigen sak på nyåret for endring av budsjettet som følgje av dette. Vidare i planperioden er det lagt til grunn ei netto inntekt på 40 mill. kr. i 2024 og 30 mill. kr. årleg dei to siste åra. I tråd med vedteke handlingsregel er det gjort avsetning til ubundne investeringsfond for 5 % av netto konsesjonskraftinntekter, jf. KS-sak 66/22.
- Egedomsskatten frå kraftverk er uendra frå 2022 til 2023, og er lagt inn med 20,5 mill. kr. Det er avsett 10 % av inntekta til ubundne investeringsfond dei tre siste åra i planperioden, jf. vedteke handlingsregel i KS-sak 66/22. Egedomsskatten vart i brev frå Skatteetaten anslått til 33,2 mill. kr. i 2023, og det vil bli lagt fram eigen sak på nyåret for endring av budsjettet som følgje av dette.
- Det er lagt til grunn kontorjustering med 5 % auke av egedomsskatten for bustader og fritidseigedommer frå 2022 til 2023.
- Kostnader til gjennomføring av arbeidet med omtaksering av egedomsskatt ligg inne med samla 5,5 mill. kr. i 2023 og 2024.
- Pensjonspremie KLP er lagt inn med 20,8 % for 2023 (13,0 % i 2022). I netto premie er det teke høgde for bruk av premiefond, inkludert frigjorte premiereserver med til saman 5,8 mill. kr. eks. arbeidsgjevaravgift. Bruken av premiefond er ført på eige ansvar, slik at på tenesteområda er premien høgare enn netto premien (23,2 % på tenesteområda). Vidare i planperioden er premien redusert til om lag 18,8 %.
- Det er lagt inn generell prisauke på inntekter og utgifter på 3,0 %.
- Det er lagt inn reduserte lønskostnader på 0,5 mill. kr. i 2023 innan sektor administrasjon i samband med at det blir oppstart i vakante stillingar først mot sommaren 2023.
- Kostnader til straum ved kommunale bygg er auka med 8,8 mill. kr. ut over prisvekst i 2023. Vidare i planperioden er auken på 0,8 mill. kr. årleg.

- Tilskot til ulike interkommunale ordningar er lagt inn i tråd med vedtak i representantskap for interkommunale ordningar 19.10.22. Ved Fron badeland ligg det ei auke på 0,8 mill. kr. frå 2022 til 2023 som er knytt til auka strømkostnader. Dette er lagt inn i budsjettet, men frå 2024 er auken redusert med 0,3 mill. kr.
- For avgifter knytt til kommunaltekniske tenester er det slike avgiftsendringar frå 2022 til 2023:
Auka avgift med 12,5 % på kloakk, auke med 11,9 % på forbruk på vatn og reduksjon med 4,0 % på abonnementsavgift vatn (gir snitt på om lag 3 % auke ved gjennomsnittsforbruk), uendra avgift på septiktømming, auka avgift med 5,1 % på feiing og uendra avgift på renovasjon.
- Til vedlikehald av kommunale bygg er det lagt inn 0,3 mill. kr. årleg i planperioden (det låg inne auke frå 0,3 til 0,5 mill. kr. frå 2022 til 2023 i førre økonomiplan).
- Det er lagt inn 0,2 mill. kr. årleg til leasing av bilar til TO Teknisk. Dette må sjåast opp mot at kjøp av bilar i investeringsbudsjettet er tatt ut.
- SFO-inntekter er redusert i samband med at det er innført 12 timer gratis SFO for 1. klassingar. Det er i tillegg gjort ein gjennomgang av forventa inntektsreduksjon både innan skole/SFO og barnehage som følgje av ulike statlege føringar for reduserte satsar. Det er førebels ikkje teke høgde for vedtak i endeleg statsbudsjett om gratis SFO også for 2. klassingar.
- Det er lagt inn kr. 70 000 årleg til studietur til Utøya for 10. klassingar, jf. vedtak i FS-sak 38/22.
- Kostnader knytt til oppfølging av ulike oppgåver knytt til statleg asylmottak er ført opp på eige ansvar under sektor oppvekst, og det er lagt inn føresetnad om fullfinansiering av kostnadene og avsetning til eige disposisjonsfond for meirinntekter. Det er også lagt inn 1 årsverk knytt til vaksenopplæring for flyktningar og 0,4 årsverk knytt til barnehagar som er finansiert av vertskommunetilskotet.
- I samband med auka busetting av flyktningar er det lagt inn eit nytt årsverk knytt til rettleiing i barnehagar og 1,75 årsverk knytt til skolane for mottaksklasse/tilrettelegging. Stillingane er finansiert med auka integreringstilskott.
- Tilskot til ikkje-kommunale (private) barnehagar er budsjettert med 12,1 mill. kr. årleg. (12,4 mill. kr. i budsjett 2022).
- Eigenbetaling for barnehageplass er redusert i tråd med makssatsar i statsbudsjettet.
- Det er lagt inn 1,0 mill. kr. årleg i 2023 og 2024 til breiband.
- Legekontoret er styrka med til 0,6 mill. kr. i 2023 og 1,2 mill. kr. årleg vidare i planperioden for betaling til fastlönna legar samt auka basistilskot til privatpraktiserande.
- Utgifter til legevakt og legevaktvarsling, samt andre tilskott knytt til samarbeid i helseregion Sør-Gudbrandsdal, er lagt inn i tråd med anslag frå vertskommunen. Kostnad til legevakt og legevaktvarsling er auka med 0,4 mill. kr. frå 2022 til 2023.
- Det er lagt inn styrking med 20 % stilling knytt til barne- og familiekoordinator ved helsestasjonen.

- For for kjøp av teneste til ressurskrevande bruker innan pleie og omsorg er det lagt inn ei netto auke på 4,0 mill. kr. i 2023 og 2024, og 2,0 mill. kr. årleg vidare i planperioden.
- Det er lagt inn kr. 300.000 årleg for betaling av transport til lågterskeltilbod.
- For tiltak knytt til rekruttering og vidareutdanning innen helse- og omsorgssektoren er det lagt inn kr. 300.000 årleg.
- Refusjon for ressurskrevjande brukarar er redusert i tråd med nytt innslagspunkt og forventa forbruk.
- Forventa innsparing i samband med utarbeiding av helse og omsorgsplan på 1 mill. kr. årleg i planperioden i førre økonomiplan er tatt ut frå budsjettet.
- Reduksjon på 0,4 mill. kr. årleg i førre økonomiplan knytt til bruk av velferdsteknologi/digitalisering innan sektor helse er tatt ut frå budsjettet.
- Det er lagt inn auka integreringstilskot og persontilskot som følgje av auka mottak av flyktningar i 2022 og vidare i planperioden. Berekninga er anslag og det er usikkerheit rundt kor store tilskota blir da det vil avhenge av kor mange som faktisk blir busett og kor lenge dei blir buande. Kommunestyret vedtok i KS-sak 108/22 at kommunen skal busette 70 flyktningar i 2023.

Endring i stillingsressursar i budsjettet:

- Barnehagane: Auke på 1 årsverk som rettleiar knytt til mottak av flyktningar. Stillinga er finansiert av auka integreringstilskot.
- Skolane: Auke på 0,5 årsverk ved Sødorp skole, 0,75 årsverk ved Barhaug skole og 0,5 årsverk ved Vinstra ungdomsskole. Stillingane er finansiert av auka integreringstilskot knytt til mottak/tilrettelegging for busette flyktningar.
- Helsestasjon: Auke på 0,2 årsverk som barne- og familiekoordinator.

Ved legekontoret er det, i tråd med nye tilsettingar, lagt opp til meir fastløna legar framover. I tillegg er det auke i stillingar, m.a. ved vaksenopplæringa for flyktningar, som følgje av fleire elevar frå statleg asylmottak. Desse stillingane er fullfinansiert av vertskommunetilskot.

Det er også endringar i lærarårsverk i timemodellen som følgje av elevtalsutviklinga i perioden.

Oversikt over rammer pr. sektor 2023 i budsjettframlegget (tal i tusen):

	Budsjett 2023			Budsjett 2022 (opp.)	
	Utgifter	Inntekter	Netto ramme	Netto ramme	
Kyrkjeleg fellesråd	6 903	0	6 903	6 656	3,7 %
Kommunedirektør	7 985	-5 160	2 825	2 568	10,0 %
Sektor administrasjon	199 836	-74 213	125 623	113 027	11,1 %
Sektor oppvekst	164 412	-17 890	146 522	124 439	17,7 %
Sektor helse	254 021	-54 360	199 661	188 522	5,9 %
Sum	633 157	-151 623	481 534	435 212	10,6 %

Det er fleire endringar mellom områda, som gjer at at tala frå 2022 til 2023 ikkje er direkte samanlignbare.

Politiske vedtak for oppfølging i budsjettarbeidet 2023-2026:

Det er gjennom 2022 gjort politiske vedtak som har konsekvens for budsjett- og økonomiplan 2023 – 2026. Følgjande er *innarbeidd* i budsjettet:

- Studietur til Utøya for 10. klassingar, jf. FS 38/22.
- Tilskot til Skåbu Artist Residence, jf. KS 107/22.

Det blir også vist til kapittel 3 Investeringar og oppfølging av vedtak i kommunestyret knytt til oppfølging av forvaltningsrevisjon vedr. planlegging og gjennomføring av investeringar.

I tråd med nytt økonomireglement, punkt 3.4, skal formannskapet gje innspel til budsjetttrundskrivet.

Formannskapet kom i møte 9.6.22, FS-sak 72/22, med innspill til budsjettet. Det var semje i møtet om å legge fram både innspela fra henholdsvis Arbeiderpartiet/Høyre og Senterpartiet, og dei vart difor ikkje stemt over. Innspela er sitert under:

Arbeiderpartiet og Høyre har følgende innspill til budsjetttrundskrivet:

AP og H ønsker å følge opp innspill fra Budsjett for 2022 og økonomiperioden 2022-2025

Derfor er det naturlig og videreføre en del punkter i forslag til innspill til budsjett 2023 og økonomiperioden 2023-2026. I tillegg legges det inn nye innspill til kommende 4 års periode.

Følgende overordna føringer legges til grunn:

-Nord-Fron skal være det attraktive midtpunktet i Gudbrandsdalen.

-Innbyggerne skal oppleve at det er trygt og godt å bo i kommunen uansett alder.

-Som kommune skal vi ha høye ambisjoner om å ha et rikt og spennende næringsliv, og vi må legge til rette for nye og grønne arbeidsplasser.

-Vinstra skal samtidig være et naturlig stoppested for både langreist og kortreist gjester, og Vinstra som tettsted skal bli en naturlig destinasjon og utgangspunkt for mosjon og friluftsliv i nærområder.

-Det må mer aktivt settes inn tiltak for å stoppe nedgangen i ant innbygger.

-FNs bærekraftsmål må tydeligere inn i plan og næringsarbeid.

-Nord Fron kommune skal være mer aktive i forhold til velferdsteknologi for å møte morgendagens utfordringer.

-Ap og H mener at bærekraftmåla må ligge som overordnet føring i alt nytt planarbeid.

-Nord-Fron kommune skal innføre klimabudsjett som skal presentere tiltak for å redusere utslipps, anslått effekt av tiltakene og fordeler ansvaret for gjennomføringen.

For å lykkes med våre mål, mener Arbeiderpartiet og Høyre at følgende tema og tiltak bør ha høyest prioritet i kommende budsjettperiode:

Utvikling/plan

- 1) Fortsette satsing på Vinstra 2046 – styrke Vinstra som kommunesenter og regionalt senter.
Det må også arbeides med oppgradering av stasjonsområdet – samarbeid mellom Bane Nor, regionale myndigheter, kommune og andre grunneiere.
Vurdere behov for ny reguleringsplan.
- 2) Komme i gang med sentrumsutvikling/sentrumsplan for Skåbu – samspill med private aktører og lokale ildsjeler/organisasjoner.
- 3) Forskjønning av by og tettsted- vurdere hvilke tiltak skal vi sette inn, hvilke forutsetninger skal vi legge inn ved nye etableringer jf. Masterplaner Vinstra Park osv.
- 4) Generell forskjønning i våre tettsteder må ha større fokus
- 5) Starte opp arbeidet med lokasjon brannstasjon (evt samlokasjon med andre etater om mulig)

Bolig – fast/fritid

- 1) Komme i gang med leilighetsbygging i Vinstra sentrum. AP og H mener NFK må inn med garantiordninger eller andre tiltak for å få private til å realisere leilighetsbygging.
Samarbeid med Husbanken og å se på modeller med borettslag blir viktig – få fram ulike konsepter tilpassa ulike brukergrupper. Større fokus leie-til-eie.
Det bør også jobbes for å få boenheter/hybler tilpassa elever ved Vinstra videregående skole.
- 2) Fortsette det gode arbeidet med tilrettelegging av boligområder spesielt på Vinstra og Kvam. Innspela frå formannskapet er i stor grad innarbeidd i budsjettet og kommentert under det enkelte område.
- 3) Fortsatt satsing på bærekraftig utbygging av fritidsboliger. Følge opp planer om utbygging av fritidsboliger i Feforområdet og i Skåbu. Viktig med tanke på bl.a. fremtidig dimensjonering av V/A til Brattflata.
- 4) Ta en gjennomgang av alle kommunale bygg, og få en plan for vedlikehold/salg/rivning. Kan også være relevant i forhold til skolestruktur.

Nærings/Landbruk

- 1) Støtte opp om lokalt næringsliv samtidig som vi må legge til rette for nyetableringer.
- 2) Næringsarealer spes Vinstra/Lomoen område er viktig å prioritere- private områder eller kjøp av grunn
- 3) Prioritere arbeid med nye grønne næringer og arbeidsplasser, samtidig vurderer muligheten/interessen for biovarme anlegg i forbindelse med nye etableringer.
- 4) Styrking av Landbruksfondet

Velferd

- 1) Sikre rekruttering inn i helse – det må settes av tilstrekkelige midler og jobbes med en strategi til rekrutteringsarbeid for fremtidige behov for fagpersonell.
Stikkord: videreutdanning, stipendier, andre goder
- 2) Lærling garanti innen helse og oppvekstfag
- 3) Velferdsteknologi må settes på dagsorden, dette kan være et av bidragene til å dekke den enkelte brukers utfordringer gjennom alle livet faser.
- 4) Folkehelsearbeid skal bidra til god folkehelse og forbygge sykdom, økt innsatts på forebygging/holdningsskapende arbeid
- 5) Øke innsatsen særlig innen psykisk helse, rus, rehabilitering, utenforskning
- 6) Neste byggetrinn Sundheim, HDO boliger må prioriteres

Veg/infrastruktur

- 1) Høg prioritet på utbedringer ang innlekkning for å redusere kostnaden til RA-Frya på sikt, viktig med koordinering med andre arbeid/prosjekter i samme område på samme tid ved gravearbeid-> Kostnadseffektiv og miljøvennlige

Oppvekst

- 1) Fullføre en god prosess om framtidig skolestruktur.
- 2) Støre fokus på entreprenørskap i skolen, spesielt ungdomskolen- egen ressursperson?
Kan entreprenørskap bidra til økt tverrfaglig samarbeid?
- 3) Tidlig innsats i barnehage/skole. Arbeide for å få på plass tverrfaglige «miljøteam» i grunnskole og barnehage - en videreutvikling av miljørådgiverstilling på VUS.
En satsing på tvers av skoler – som kan jobbe der behovet er størst.
- 4) Styrke samarbeidet med VVS og satsing på yrkesfag, og drive rekruttering til yrkesfag i enda større grad i ungdomskolen.
- 5) Se på mulighetene for å få realisert en læringsfabrikk innen bygg/anlegg/elektro – etter modell fra industriparken på Raufoss.

6)Se på muligheten til å få desentralisert utdanning innen sykepleier, vernepleier og aktivitører eller annen kompetanse som trengs i Nord-Fron

Klima/miljø

- 1) Nord - Fron kommune skal utarbeide klimabudsjett fra 2023, og innføre dette som et styringsverktøy for å nå mål om klimagassutslipp. (KS har utarbeidet en egen veileder for kommunale klimabudsjett)
- 2) Nord-Fron kommune må revidere klima - og miljøplanen.
- 3) Nord Fron kommune skal bli en Miljøfyrtårn bedrift.
- 4) Miljøhensyn skal vektes høyt ved nye innkjøpsavtaler.
- 5) Bli en «ren kommune»- hvordan kan vi stimulere til bedre søppelsortering, -håndtering, bevisstgjøring, mere lønnsom forvalting av avfall, gjenbruk, sirkuler økonomi osv. Også et bevisst valg i et ledd i forskjønning i kommunen osv.- «best i klassen»

Planarbeid

Oppdaterer/revidere arealdelen i kommuneplan

Markedsføring av NFK

Vurdere muligheten av mer digital MF av NFK sine kulturtildelinger, handelstilbud, næringsvirksomhet, festivaler, stinnett, bademuligheter, matopplevelser, overnattinger, lag og foreninger osv. som naturlig faller inn under hva som tilbys i kommune

Hva er mulig i forhold til app eller andre digitale flater.

Senterpartiet har følgende innspill til budsjetttrundskriv:

Utvikling/plan:

- Fortsætte satsinga på Vinstra 2046
- Brannstasjon må prioriteres, oppgraderes etter dagens krav
- Skulestruktur, fullføre prosessen
- Sentrumsplass Skåbu
- Videreføre det gode arbeidet som er satt i gang med boligutvikling, viktig med boliger tilpassa ulike krav/bruksgrupper, særlig med tanke på demografiutviklinga. Legge til rette for å få eldre til å busette seg i sentrumsområda.
- Strategi mtp Vinstra vidaregåande, styrke skolen innafor dei yrkesfag regionen har behov for i framtida, rekruttering av fagarbeidere/ lærlinger særleg innafor helse, men også bygg, anlegg m.fl. Desentralisert utdanning er også viktig.
- Prioritere og fullføre arbeidet med innlekkning.
- Prioritere vegvedlikehald
- Revidere kommunens klimaplan
- Støtte og stimulere eksisterande næringsliv og vera ein positiv støttespiller til nyetableringar.

Budsjettpremiss/tekstvedtak:

Kommunestyret gjorde i KS-sak 119/22 slike tekstvedtak/budsjettpremiss:

Ber om at det i løpet av 1. halvår 2023, blir gjennomført ei brukerundersøking som omfatter alle tjenester innen sektor Helse, dette i forbindelse med utarbeiding av Helse og Sosialplan.

Helse og Omsorg

- 1)Sikre rekruttering inn i helse og omsorgsfaget – det settes av tilstrekkelige midler og jobbes med en strategi til rekrutteringsarbeid for fremtidige behov for fagpersonell.
Videreutdanning, stipendier og andre stimuleringsformer blir viktig for å sikre fremtidig arbeidskraft.
(Støtte på kr 300 000,- foreslått i FS 24.11.22 i driftsbudsjett)
- 2) Nord Fron kommune må gi lærlinggaranti innen helse og oppvekstfag for å imøtekome fremtidige behov for personell innen helsesektoren.

3) Velferdsteknologi må settes på dagsorden. Dette kan være et av bidragene til å dekke den enkelte brukers utfordringer gjennom alle livets faser, spesielt på hjemmebane.

4) Folkehelsearbeid skal bidra til god folkehelse og forebygge sykdom.

Økt innsats på forebygging og holdningsskapende arbeid vil bli enda viktigere pga av demografiutviklingen.

Muligheten til sosial omgang med andre er et viktig bidrag i folkehelsearbeid.

Med støtte til skyss ved lavterskelttilbud i kommunen må retningslinjer for støtte utarbeides i løpet av første kvartal 2023, med virkning fra 1.1.2023.

(Støtte på kr 300 000,- foreslått i FS 24.11.22 i driftsbudsjettet)

5) Øke innsatsen mot uhelse, særlig innen psykisk helse, rus, og utenforskap.

Det forventes at punktene 1-5 blir ivaretatt i Helse- og omsorgsplan.

By og tettsted utvikling

1) Viktig å opprettholde videre arbeid med Vinstra 2046

2) Forskjønning av by og tettsteder er viktig for trivsel og omdømme for NFK.

Generell forskjønning og vedlikehold i våre tettsteder må få større fokus.

3) Utarbeidelse av Sentrumsplanner for Skåbu og Kvam må ha fokus i revisering kommuneplan.

4) Det viktig med sosiale møteplasser der alle har mulighet til å delta og bygge stolthet og identitet for kommunen vår.

Ved at NFK arr. 10 års jubileum i 2023 for Vinstra BY, i Vinstra Park, skal kommunen bidra til et sosialt arr.

Arr skal være GRATIS å delta på.

Interkommunale samarbeid:

Til ulike interkommunale samarbeid er det lagt inn slike kostnader:

	2022	2023	Endring 22-23	Endr.%
Fron badeland	2 047	2 854	807	39,4 %
Innfordring	584	613	29	5,0 %
MGR*	0	0	0	
MGB*	8 950	9 535	585	6,5 %
Frya RA	3 229	4 451	1 222	37,8 %
Ung i midtdalen	218	243	25	11,5 %
Geodata	1 422	1 633	211	14,8 %
Sum administrasjon	16 450	19 329	2 879	17,5 %
MGPP	3 041	3 339	298	9,8 %
MGF	3 811	8 425	4 614	121,1 %
Hvorav kontordrift	1 527	2 149	622	40,7 %
MGBV	7 897	8 070	173	2,2 %
Hvorav kontordrift	4 471	4 505	34	0,8 %
Fron kultursk.	2 506	2 631	125	5,0 %
Sum oppvekst	17 255	22 465	5 210	30,2 %
NAV MG	12 646	13 081	435	3,4 %
Hvorav kontordrift	5 226	5 416	190	3,6 %
Koordinator HSG	197	204	7	3,6 %
Legevakt og varsling**	3 100	3 507	407	13,1 %
FACT	277	239	-38	-13,7 %
Fagteam ROP	72	143	71	98,6 %
Helsefellesskap Innlandet	0	35	35	
Jordmor	369	268	-101	-27,4 %
Psykolog	664	720	56	8,4 %
Kommuneoverlege	788	812	24	3,0 %
Sum helse	18 113	18 974	861	4,8 %
Totalt	51 818	60 768	8 950	17,3 %

*Renovasjons- og feiegebyr overførest til henholdsvis MGR og MGB i sin helhet og er ikke tatt med her

Ansvar 807 – Andre inntekter/utgifter

I tillegg til tenesteområda i driftsbudsjettet er ulike overordna utgifter og inntekter ført opp under ansvar 807. Dette omhandlar m.a. statlege tilskott til flyktningar og bruk/avsetning til flyktningefond. Det er lagt inn auka integreringstilskot og persontilskot som følgje av auka mottak av flyktningar i 2022 og vidare i planperioden. Berekninga er anslag og det er usikkerheit rundt kor store tilskota blir da det vil avhenge av kor mange som faktisk blir busett og kor lenge dei blir buande. Kommunestyret vedtok i KS-sak 108/22 at kommunen skal busette 70 flyktningar i 2023.

4.1 Kyrkjeleg fellesråd.

Kyrkjeleg fellesråd omfattar ansvarsområde 113.

Tabellen viser tilskott som NFK løyver til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd (KFR) (tal i 1000):

	R-2021	B-2022	B-2023
Søknad frå KFR		6.656	6.903
Tilskott	6.494	6.656	6.903

I tillegg til driftstilkotet er det lagt inn tilskot for kjøp av automatisk slokningsanlegg til kyrkjene i investeringsbudsjettet.

4.2 Kommunedirektør

Kommunedirektør omfatter desse ansvarsområda:

- 115 Kommunedirektør
- 191 Regionrådet
- 200 Covid-19

Delansvar 115 Kommunedirektør

Funksjon 1201 Administrasjon

Kommunedirektør med tilhørende utgifter er budsjettet under denne funksjonen. Det er lagt inn kr. 66.000 til tilleggsløyving disponibelt for kommunedirektøren.

Funksjon 3392 Kommunalt kristeteam

Tillegg til medlemmer i kommunalt kriseteam er lagt inn på denne funksjonen med til saman kr. 134.000 årleg.

Funksjon 3393 Beredskapstilak

Det er lagt inn kr. 39.000 årleg til beredskap/Røde Kors (støtte til lag/organisasjonar).

Delansvar 191 Regionrådet

Midlar knytt til regionalt samarbeid for Midt-Gudbrandsdalen er ført under dette ansvaret. I budsjettet er det lagt til grunn vidareføring av dagens nivå, og at Innlandet fylkeskommune fører vidare partnerskapsavtalen med Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen på line med gjeldande avtale for alle åra i planperioden.

Funksjon 3250 Regionalt samarbeid

Nord-Fron sin netto andel av kostnader knytt til regionalt samarbeid er ført opp med kr. 788.000 årleg i planperioden.

Funksjon 3268 Regionrådet MGD-sekretariat

Regionrådet, som består av dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen og Innlandet fylkeskommune, kjøper sekretærtenester tilsvarande 100 % stilling frå NFK.

Funksjon 3270 Regionrådet MGD-prosjekt

Her ligg det partnerskapsmidlar til regionrådet, årleg 3,5 mill. kr. Dette er fordelt med 2,5 mill. kr. frå IFK og kr. 333.000 frå kvar av MGD kommunane.

Funksjon 3278 Løn leiar regionrådet i MGD

Det er budsjettet med kr. 71.000 eks. arbeidsgivaravgift for godtgjøring til leiar av regionrådet. Dette blir dekt av dei 3 kommunane i regionen.

Delansvar 200 Covid-19

Delansvaret blir nytta for eventuelle mellomføringer av kostnader knytt til Covid-19. Det er ikke ført opp netto kostnader på ansvaret.

4.3 *Sektor administrasjon*

Sektor administrasjon omfatter desse tenesteområda:

- Personal og organisasjon
- Økonomi og strategi
- Teknisk
- Kultur og kommunikasjon
- Interkommunale selskap relatert til adm. området. Frå 2023 er Fron kulturskole ført under sektor oppvekst.

Enkelte av tenesteområda er delt opp i fleire delansvar. Desse er omtala under kvart område.

Det var gjennomført ei organisatorisk endring frå 1.5.22 som i hovudsak omhandla endringar internt innan sektor administrasjon. Endringane er innarbeidd i budsjettet.

4.3.1 Tenesteområde Personal og organisasjon

Området består av delansvara:

420 Personal og organisasjon

421 Lærlingar

Kantine kommunehus er fra 2023 lagt som del av Kultur og kommunikasjon.

Valarbeid, arkiv og IKT er fra 1.5.2022 organisert som del av Personal og organisasjon.

Endringane er innarbeidd i budsjettet.

4.3.1.1 Delansvar 420 Personal og organisasjon

Funksjon 1003 Val

Det er lagt inn utgifter til gjennomføring av kommuneval i 2023 og stortingsval i 2025. Dette låg tidlegare under ansvar 453 (Kultur, næring, IKT).

Funksjon 1201 Administrasjon

Tenesteleiar for personal/organisasjon og tilsette innan arkiv, personal og løn, med tilhørande utgifter, er budsjettert under denne funksjonen. Det er også ført ei stilling her som tidlegare var ført under digitalisering. Det blir gjort ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 1203 Tillitsvalde

Her ligg kostnader til løn for tillitsvalde med rett til frikjøp samt hovudverneombod. Til saman er det lagt inn 1,3 mill. kr. årleg til dette.

Funksjon 1208 IKT-fellesutgifter

Utgifter til lisenskostnader og ulike driftsavtaler knytt til IKT-fagsystem er ført her. Dette inkluderar også lisenser/driftsavtaler som tidlegare vart ført på ansvar 453 funksjon 2026 Fellesutgifter IKT-grunnskole og 2016 Fellesutgifter IKT-barnehage.

Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved rekneskapsavslutninga.

Funksjon 1214 Verneombud

Budsjett for frikjøp av hovudverneombod er ført på denne funksjonen.

Funksjon 1216 Felleskostnader til fordeling

Felles administrasjonsutgifter og ulike felleskostnader for heile organisasjonen som t.d. porto, telefon, personforsikringar og ulike kontingentar er budsjettert på denne funksjonen. Til AVEK (aktivitets- og velferdskomite) er det sett av kr. 188.000 årleg og for tilskott til bedriftshelsetenesta er det sett av kr. 543.000 pr. år.

Kontingent til LVK (Landssamanslutning for vassdragskommunar) er ført opp med kr. 115.000, og dette blir dekka frå kraftfond.

Funksjonen skal ved avslutning av rekneskapet fordelast til fleire tenestefunksjoner.

Funksjon 1219 IKT personell

Løn til tilsette innan IKT er ført opp på her. Det inkluderar også eit årsverk som tidlegare var ført på funksjon 2026 Fellesutgifter IKT-grunnskole. Det blir gjort ei fordeling av kostnader til relevante tenestefunksjonar i samband med rekneskapsavslutninga.

Funksjon 1806 OU-midlar KS

Kommunen sin kontingenent knytt til OU-midlar blir ført på denne funksjonen.

Funksjon 2524 Rekruttering / vidareutdanning helse-og omsorg

Det er ført opp kr. 300 000 årleg til ulike tiltak for å legge til rette for rekruttering og vidareutdanning innan helse og omsorg.

Funksjon 2538 Stab Sunheim

Her blir 0,5 årsverk knytt til turnusarbeid ved Sundheim ført. Stillinga ligg organisatorisk under Personal og organisasjon.

4.3.1.2 Delansvar 421 Lærlingar

Lærlingeløn og tilskott blir ført på tenestefunksjonar på dette delansvaret. Det vil pr. januar 2023 vera 6 lærlingar og 1 praksiskandidat i kommunen.

4.3.2 Tenesteområde Økonomi og strategi

Eigedomsskatt, fakturering av kommunale avgifter, arbeid med kommuneplan, næringsarbeid og kraftinntekter er fra 1.5.2022 organisert som del av Økonomi og strategi. Endringane er innarbeidd i budsjettet.

Funksjon 1201 Administrasjon

Tenesteleiar og tilsette innan økonomi og strategi med tilhørande utgifter, er budsjettert under denne funksjonen. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 3004 Eigedomsskatt.

Det er som tidlegare budsjettert med utgifter til 50 % stilling for oppfølging av eigedomsskatt. Stillinga låg fram til 1.5.22 under TO Teknisk.

Funksjon 3005 Taksering eigedomsskatt.

I tråd med KS-sak 83/21 er det ført opp til saman 5,5 mill. kr. i åra 2023 – 2024 for å kunne gjennomføre omtaksering av bustader og fritidsbustader. Arbeidet starta opp i 2022. Arbeidet var fram til 1.5.22 del av TO Teknisk.

Funksjon 3108 Bustadtilskott

Utgifter knytt til bustadtilskott blir ført her. Tilskott til tilpasning av bustad var fram t.o.m. 2019 eit eige tilskott frå Husbanken, men er frå 2020 innlemma i det ordinære rammetilskottet.

Funksjon 3251 Næringsrettledning

To årsverk knytt til næringsarbeid, oppfølging av kraftinntekter og kommuneplanarbeid m.m. er ført her. Næringsarbeid låg fram til 1.5.22 som del av Kultur, næring, IKT.

Funksjon 3252 PG AS

I budsjettet ligg det inne ei vidareføring av tilskott til Peer Gynt-stemnet (kr. 736.000), jf. vedtak i KS-sak 110/22.

Funksjon 3257 Tiltaksarbeid

I tråd med vedtak i kommunestyret 19.12.17, KS-sak 119/17, er det ført opp kr. 300.000 årleg til nærings- og utviklingsarbeid.

I tillegg er det avsett kr. 270.000 til anna tiltaksarbeid. Betaling for leige av areal ved Peer Gynt Spiseri ligg inne med kr. 266.000 årleg. Til sommarjobb for ungdom er det avsett kr. 150.000 årleg, jf. KS 130/19 og FS-127/20.

Funksjon 3258 Breiband.

Det er ført opp 1 mill. kr. årleg i 2023 og 2024 til regionalt breibandprosjekt i regi av Regionrådet i Midt-Gudbrandsdalen.

Funksjon 3269 Midt-Gudbrandsdal næringsforening

Det er avsett kr. 100.000 årleg i tilskott til Midt-Gudbrandsdal næringsforening.

Funksjon 3271 Visit Lillehammer

Tilskot til Visit Lillehammer er ført opp med kr. 255.000.

Funksjon 3401 Vannverk, 3531 Kloakknett, 3541 Septik

30 % stilling knytt til oppfølging/fakturering av kommunale avgifter er ført her og inngår i sjølvkostrekneskapen. Stillinga var tidlegare ført under TO Teknisk.

4.3.3 Tenesteområde Teknisk

Området består av delansvara:

- 440 Veg og fordelte kostnader
- 441 Kommunale bygg
- 442 Utleigebrygg
- 443 Plan og landbruk
- 444 Sjølvkostområder

Landbrukskontor og boligutvikling err frå 1.5.2022 organisert som del av Teknisk.

Eigedomsskatt og fakturering av kommunale avgifter er frå same dato del av Økonomi og strategi. Endringane er innarbeidd i budsjettet.

Det er lagt inn auka kostnader til straum, ved kommunale bygg. Kostnader til vedlikehald ved kommunale bygg er vidareført som for budsjett 2022. I samband med at det er planlagt leasing av bilar i staden for kjøp er tenesteområdet er styrka med kr. 200.000 årleg i planperioden. Tilsvarande er kjøp av bil tatt ut frå investeringsbudsjettet.

4.3.3.1 Delansvar 440 Veg og fordelte kostnader

Funksjon 1903 Kommunelager, 1904 Kommunale arbeidrarar, 1906 Fordeling reinhaldarar, 1908 Driftspersonell

Her blir kostnader m.a. til løn reinhaldarar og driftspersonell ført. Kostnadene blir fortløpende fordelt til øvrige tenestefunksjonar innan tenesteområdet.

Funksjon 3331 Kommunale vegar.

Kostnader til vintervedlikehald er vidareført med om lag 4,1 mill. kr. årleg.

Kostnader til sommarvedlikehald ligg inne med 1,8 mill. kr. årleg.

Funksjon 3336 Asfaltering.

Kostnader til re-asfaltering av kommunale vegar skal førast i drift. Det er ført opp 1 mill. kr. årleg til dette. I tillegg er det ført opp midler til ny-asfaltring i investeringsbudsjettet (sjå kapittel 3).

Funksjon 3353 Flomsikringsanlegg.

Til vedlikehald av flomsikringsanlegg er det ført opp kr. 236.000 årleg, i tillegg til straumkostnader. Behovet for vedlikehald/tømming varierer og funksjonen blir difor avstemt mot eige fond, jf. vedtak i KS-sak 122/20.

4.3.3.2 Delansvar 441 Kommunale bygg

Det er lagt inn kr. 230.000 årleg til vedlikehald av skolebygg og kr. 315.000 årleg til vedlikehald av ulike kommunale bygg. Dei to postane må sjåast saman, og det er også ført opp midlar til større rehabilitering/utbetringar i investeringsbudsjettet (sjå kapittel 3).

Kostnader til straum ved kommunale bygg er auka med 8,8 mill. kr. ut over prisvekst i 2023. Vidare i planperioden er auken på 0,8 mill. kr. årleg.

Kommunen har ei ordning med fri leige av kulturbygg for barn og unge. Fri leige vart innført frå 2001, og i perioda 2003 t.o.m. 2006 var det halv leige. Frå 2007 har det vore fri leige att. Ordninga er vidareført i budsjettet.

4.3.3.3 Delansvar 442 Utleigebrygg

Utgifter og inntekter frå bygg til utleige er ført på dette delansvaret.

Satsen for husleige er frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen, jf. KS-sak 117/17.

4.3.3.4 Delansvar 443 Plan og tekniske tenester

Funksjon 3003 Planlegging

Det er ført til saman 1,5 årsverk knytt til planlegging her. I tillegg er 0,4 årsverk ført i investering frå og med 2020.

Funksjon 3101 Bustadbygging/finansiering.

Det er avsett kr. 400.000 årleg til utbetaling av bustadtilskot.

Funksjon 3112 By- og boligutvikling.

1 årsverk som boligutvikler er ført her.

Funksjon 3249 Vinstra park.

Til ulike driftsoppgåver knytt til Vinstra park og vedlikehald av grøntanlegg m.m. er det ført opp kr. 327.000 årleg frå 2023.

Funksjon 3255 Landbrukskontor

Landbrukskontoret er frå 1.5.22 organisert som del av TO Teknisk. Driftsnivået er vidareført som tidligere.

Funksjon 3354 Dagsturhytte.

For drift av dagsturhytte, jf. FS-sak 20/21, er det ført opp kr. 50.000 årleg. Oppføring av hytta er ført opp i investering (sjå også kap. 3).

Funksjon 3601 Miljøvernrettleiari.

Lønsmidlar til 100 % stilling som miljøvernrettleiari er som tidlegare ført på denne funksjonen.

Funksjon 3602 Miljøvern.

Det er vidareført midlar til vedlikehald av kommunalt etablerte miljøanlegg på Eidesand og Årvillingen.

Tilskott til løypekjøring er lagt inn med kr. 845.000 årleg.

Funksjon 3607 Klimabudsjett.

20 % stillinga knytt til klimabudsjett er inntil vidare ført opp på denne funksjonen.

4.3.3.5 Delansvar 444 Sjølvkostområder

Funksjon 3001 Byggesaker

Byggesak finansierast delvis gjennom gebyrregulativet. Totalt er det ført opp 1,3 årsverk på denne funksjonen.

Funksjon 3002 Oppmåling

100 % stilling knytt til oppmåling og inntekter frå gebyr er som tidlegare ført på denne funksjonen.

Funksjon 3401 Vassverk og 3451 Leidningsnett vatn

Det er lagt til grunn 1,3 mill. kr. årleg til større vedlikehald. Dette må m.a. sjåast i samanheng med tiltak for å redusere innlekkning på avlaupsnettet, som vil gje kostnader på utskifting av ledningsnettet for vatn. **Abonnementsgebyret for vatn er redusert med 4 %** frå 2022 til 2023. **Forbruksgebyret er auka med 11,9 %.** I snitt vil dette gje auka samla avgift på 3 % for ein bustad med forbruk på 150 kubikk. Gebrysatsane er vedteke gjennom eigen sak i kommunestyret, KS-sak 114/22.

Sjølvkostkalkyla inneber bruk av eksisterande sjølvkostfond for vatn med 1,8 mill. kr. i 2023. Det er lagt til grunn meir bruk av fond enn 100 % dekning tilseier for å redusere avgiftsauke og utjevne avgifta over år. Utan «overstyring» av fondsbruken skulle samla gebyr på vatn vore auka med 12,5 % frå 2022 til 2023.

Funksjon 3501 Renseanlegg, 3502 Slambehandling og 3531 Kloakknett.

Tilskott til Frya Renseanlegg auker i 2023 i samband med at utbygginga blir ferdig og at overføringsmengda auker (frå 2,239 mill. kr. i 2022 til 3,229 mill. kr. i 2023).

I samband med innlekkingsproblematikk og andre større vedlikehaldsoppgåver er det lagt inn vesentlege investeringskostnader i planperioden, jf. kapittel 3. Til større vedlikehald i drift er det ført opp 1 mill. kr. årleg.

Årsavgift og forbruksavgift på kloakk er **auka med 12,5 %** frå 2022 til 2023, jf. KS-sak 114/22.

Sjølvkostkalkyla inneber bruk av eksisterande sjølvkostfond for kloakk med 2,1 mill. kr. i 2023, og fondet vil vera negativt (framførbart underskot) dei første åra i planperioden. Det er lagt til grunn meir bruk av fond enn 100 % dekning tilseier for redusere avgiftsauke og utjevne avgifta over år. Utan «overstyring» av fondsbruken skulle samla gebyr på avløp vore auka med 25,9 % frå 2022 til 2023.

Funksjon 3541 Septik

Det er **uendra septikavgifta** frå 2022 til 2023, jf. KS-sak 114/22. Det er lagt til grunn bruk av opparbeidd sjølvkostfond knytt til septik med kr. 108.000 i 2023.

Funksjon 8701 Renter og 8705 Lå nemidler

Renter og avdrag knytt til sjølvkostprosjekt er i budsjettet ført opp her. Desse har tidlegare inngått som del av samla renter og avdrag på ansvar 810. Berekninga er gjort med

utgangspunkt i sjølvkostmodellen som kommunen nyttar. Det ligg kostnad på totalt 8,6 mill. kr. i 2023. Kostnaden auker vidare i planperioden.

Avgiftssatsar:

Det er vedteke følgjande endring i avgiftssatsar for kommunaltekniske tenester, jf. KS-sak 114/22:

Abonnement- og forbruksavgift på **kloakk** er auka med 12,5 % frå 2022.

Abonnemensavgift på **vatn** er redusert med 4 % og forbruksavgift på vatn er auka med 11,5 % frå 2022. I snitt vil ein bustad med forbruk på 150 kubikk få auka vassavgift med 3 % frå 2022 til 2023.

Avgift knytt til **septiktømming** er uendra frå 2022.

Feieavgifta er auka med om lag 5,1 % frå 2022.

Renovasjonsavgifta er uendra frå 2022.

Avgift på feiing og renovasjon er lagt inn i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 19.10.22.

Dekningsgrader:

I budsjettet for 2023 er det lagt til grunn slike dekningsgrader for dei kommunaltekniske tenestene:

Tal i 1000	Septik	Vatn	Avløp	Oppmåling	Byggesak
Brukertilbetalning / salgsinntekt	994	10 575	16 626	1 373	1 392
Direkte kostnader	973	7 817	13 634	1 001	959
Indirekte kostnader	129	385	681	372	433
Netto kapitalkostnader		4 142	4 449		
Sum kostnader	1 102	12 344	18 764	1 373	1 392
RESULTAT					
(inntekt minus kostnad)	-108	-1 769	-2 138	0	0
Budsjettert dekningsgrad	90,2 %	85,7 %	88,6 %	100,0 %	100,0 %
Avsetning fond					
Bruk fond	-108	-1 769	-2 138		
Resultat etter bruk/avsetning	0	0	0	0	0

Feiing og renovasjon blir rekneskapsført hos MGB og MGR, som utarbeidar dekningsgrad.

Når det gjeld dekningsgradar/sjølvkostbereking, er det først ved rekneskapsavslutning ein vil få dei rette tala for dekningsgrad på dei forskjellige tenestene.

4.3.4

Tenesteområde Kultur og kommunikasjon

Området består av delansvara:

451 Kultur og kommunikasjon

454 Politisk verksemeld

Kantina låg tidligare under ansvar 420, men er fra 1.5.21 organisiert under tenesteområdet Kultur og kommunikasjon.

Tilskot til idrett og kultur er videreført som tidligare.

4.3.4.1

Delansvar 451 Kultur og kommunikasjon

Funksjon 1201 Administrasjon og 3851 Kulturadministrasjon

Tenesteleiar for Kultur og tilsette knytt til servicetorg, kommunikasjon og arrangement er ført opp på desse funksjonane. Det skal gjerast ei fordeling av kostnadene til fleire tenestefunksjonar ved avslutning av rekneskapen.

Funksjon 1205 Kantine kommunehus

Det er ført opp kr. 362.000 netto til drift av kantina.

Funksjon 2310 Aktivitetstilbod for barn og unge

Ordning med aktivitetsmidlar for ungdom i Skåbu er videreført i planperioden med kr. 100.000 årleg.

Funksjon 2314 Kåja Camp

Funksjonen gjeld ungdomsfestivalen som Nord-Fron kommune sitt ungdomsråd årleg arrangerer i Kåja. Det er lagt inn kr. 52.000 i netto utgifter til tiltaket.

Funksjon 2317 BUA

Det er avsett midlar til 20 % stilling for drift av BUA. Stillinga er finansiert med eige tilskott.

Funksjon 2343 Frivilligssentral

F.o.m. 2021 er øyremerka tilskott til frivillighetssentral gjeninnført. Driftsnivået til Frivillighetssentralen er videreført.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

Det er avsett kr. 346.000 årleg til eigen løvingskonto for Formannskapet til ulike arrangement/arrangementstøtte.

Funksjon 3281 Byfest og arrangement

Det er sett av kr. 210.000 årleg til gjennomføring av Byfest og andre arrangement.

Funksjon 3701 Bibliotekdrift og 3731 Kino

Kostnader til drift av bibliotek og kino er ført opp her.

Funksjon 3752 Krigsminnesamlinga/Gudbrandsdalsmuseum

Nord-Fron kommune har inngått avtale med Gudbrandsdalsmusea A/S om drift av krigsminnesamlinga på Kvam. Gudbrandsdalsmusea A/S har også ansvaret for privatarkiva frå Nord-Fron. I 2023 er det lagt inn kr. 301.000 i støtte til Gudbrandsdalsmusea A/S.

Funksjon 3812 Oppfølging kulturygg

Stilling som vart helde vakant i 2022 er lagt inn att frå 2023, i tråd med førre økonomiplan. Det er lagt til grunn at stillinga vil vera vakant i starten av året.

Funksjon 3859 Anleggstilskudd og lignande

Det er ført opp kr. 116 000 årleg til anleggstilskott. I tillegg er det ført opp kr. 60 000 i 2023, 2024 og 2025 for tilskot til Skåbu Artist Residence, jf. KS-sak 107/22.

4.3.4.2 Delansvar 454 Politisk verksemd

Funksjon 1001 Politiske organ

Her ligg godtgjøring til ordførar / varaordførar og politiske organ.

Frå og med 1.1.2019 blir ordføraren si godtgjersle fastsett til 93 % av Stortingsrepresentantanes faste godtgjersle jf. vedtak i kommunestyret 22.2.18 KS-sak 21/18.

Godtgjersla blir regulert årleg med verknad frå 1.1, der Stortingsrepresentantanes godtgjersle pr. 1.5 året før blir lagt til grunn. Satsen er pr. 1.5.22 kr. 1.064.318. Løna var sist justert i 2019 og satsen var da kr. 987.997.

Det er budsjettet med kr. 165.000 årleg til tilleggsløyvingar for formannskapet og kr. 62.000 årleg for kommunestyret. Det er budsjettet med kr. 62.000 til tilleggsløyving, disponibelt for ordføraren.

Funksjon 1002 Partistøtte

Partistøtta er ført vidare på dagens nivå, og på lik linje med tidlegare er det lagt inn auke i åra med kommune- eller stortingsval.

Funksjon 1004 Kontrollutval/revisjon

Frå kontrollutval og revisjon er det kome forslag på til saman 1,222 mill. kr. i 2023.

I budsjettet er det lagt inn 1,14 mill. kr. Sjå detaljar i tabell.

Sak frå kontrollutvalet med budsjettinnspel var lagt ved budsjettsaka da den var til behandling i kommunestyret.

Tal i 1000	Kom.dir. framlegg B23	KU forslag B23	B22
Revisjon	713	713	687
Undersøkelser	54	54	52
SUM	767	767	739
Forv.revisjon	166	248	161
SUM til revisjon	933	1 015	900
Sekretariat	160	160	160
Annet	47	47	47
Totalt	1 140	1 222	1 107

Funksjon 1005 Råd for funksjonshemma og 1006 Trafikksikkerhetsutvalget
Det er sett av kr. 24.000 årleg for kvart av desse utvala.

Funksjon 1007 Ungdomsråd
Det er sett av kr. 49.000 årleg til ungdomsråd.

Funksjon 1804 Eldrerådet
Det er budsjettet med kr. 29.000 årleg til eldrerådet.

4.3.5 Interkommunale selskap (administrasjon)

Området består av delansvara:

- 491 Fron badeland
- 492 Innfordring
- 493 Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap (MGR)
- 494 Midt-Gudbrandsdal brannvesen (MGB)
- 496 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal
- 497 Ung i Midtdalen (denne var tidlegare ført opp under sektor oppvekst).

Fron kulturskole er frå 2023 lagt som del av sektor oppvekst.

4.3.5.1 Delansvar 491 Fron badeland

Nord-Fron kommune sitt tilskott for 2023 er lagt inn med 2,6 mill. kr. Det er ei auke på 0,8 mill. kr. som er knytt til straumkostnader.

I tillegg kjem betaling for skolesvømming lagt på den enkelte skole. Tilskottet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale selskapa 19.10.22.

4.3.5.2 Delansvar 492 Innfordring

Nord-Fron kommune inngjekk oppdragsavtale om kommunal innfordring med Midt-Gudbrandsdal økonomikontor (MGØ) frå 1.11.2020. Det er lagt inn kr. 613.000 til betaling for tenesta.

4.3.5.3 Delansvar 493 Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR)

Etter endring av vedtekter for Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR), vedteke i KS-sak 66/14, skal inntekt frå årsgebyr overførast direkte til MGR. Nord-Fron subsidierte fram t.o.m. 2016 avgifta gjennom bruk av opparbeidd sjølvkostfond. Avgifta har frå 2017 ikkje vore subsidiert. Avgifta for 2023 vart behandla i representantskap for dei interkommunale selskapa 19.10.22, og den er uendra frå 2022.

I tråd med vedtak om vederlag skal Nord-Fron fakturere MGR for interne kostnader relatert til renovasjon (t.d. fakturering).

4.3.5.4 Delansvar 494 Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB)

Her er kommunens tilskott til Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB) ført. Tilskottet vart behandla i representantskap for dei interkommunale selskapa 19.10.22.

Når det gjeld feiring er det inntekt frå årsgebyr som blir overført direkte til MGB. Avgifta vart også behandla i representantskapet 19.10.22, og den er auka med 5,1 % frå 2022 til 2023.

I tråd med vedtak om vederlag skal Nord-Fron fakturere MGB for interne kostnader relatert til renovasjon (t.d. fakturering).

4.3.5.5 Delansvar 496 Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal

Her ligg kostnader til drift av felles geodata-løsning for midtdalen.

Netto kostnad i driftsbudsjettet for Nord-Fron i 2023 er 1,6 mill. kr. (1,3 mill. kr. i 2022).

I tillegg kjem investeringskostnader ført opp i investeringsrekneskapen (sjå kap. 3).

Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 19.10.22.

4.3.5.6 Delansvar 497 Ung i Midtdalen

På funksjonen blir drift av den interkommunale ordninga Ung i Midtdalen (UiM) ført. UiM har leiar i 100 % fast stilling. I budsjettet er det lagt inn tilskot frå Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal og frå Innlandet fylkeskommune. Aktivitetsnivået avheng m.a av storleiken på desse tilskota.

Netto driftsutgifter for Nord-Fron kommune for 2023 er budsjettert med kr. 243.000 (kr. 218.000 i 2022). Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 19.10.22.

4.4 **Sektor oppvekst**

Sektor oppvekst omfatter desse tenesteområda:

- Asylmottak
- Sødorp skole
- Kvam skole
- Barhaug skole
- Skåbu oppvekst
- Vinstra ungdomsskole
- Toksebakken barnehage
- Kvam barnehage
- Ruste barnehage

Interkommunale selskap (relatert til oppvekst).

Frå 2023 er Midt-Gudbrandsdal barnevernkontor (MGBV) og Fron kulturskole ført under sektor oppvekst. I tillegg er Midt-Gudbrandsdal Pedagogisk-Psykologisk rådgjevingsteneste (MGPP) og Midt-Gudbrandsdal flyktningsteneste (MGF) ført her som tidlegare.

Delansvar 510 Sektor oppvekst

Direkte under ansvar 510 Sektor oppvekst er det samla fellesutgifter og inntekter for skole og barnehage som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte barnehage/skole.

Funksjon 1201 Administrasjon

Utgifter til sektorleiar og stab med tilhørande utgifter er budsjettet under denne funksjonen.

Funksjon 2011 Barnehage

Utgifter til vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette i barnehagen er ført opp på denne funksjonen. Det er lagt inn ei styrking på 1 årsverk for å tilby rettleiing til barnehagar som følgje av auke i talet på busette flyktningar. Stillinga er forutsett fullfinansiert av auka integreringstilskot.

Funksjon 2012 Private barnehagar og funksjon 2113 Spes.ped. tiltak barnehage

Det er lagt inn 12,1 mill. kr. årleg i planperioden for tilskot til ikkje-kommunale barnehager. I 2022 var det budsjettet med eit tilskot på 12,4 mill. kr.

Tilskottssatsar for 2023 vart vedteke i KS-sak 112/22.

I tillegg til tilskot kjem refusjon for søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling m.m. ført på eigen art.

Det er lagt inn kr. 100.000 for betaling til ikkje-kommunal barnehage for spes.ped.tiltak. Det er sannsynleg at kostnaden vil bli vesentleg høgare, og det kan bli aktuelt å legge fram sak om tilleggsløyving når konkret kostnad er kjent.

Funksjon 2021 Grunnskole

Kostnader til vidareutdanning for lærarar, og refusjon frå staten til dette, er ført her.

Det er lagt inn tilskott til regionale stilling (YOU-koordinator/karrierereveileder) ved Karrieresenteret Opus Midt-Gudbrandsdal.

Her ligg også betaling til og refusjon frå andre kommunar for fosterheimsplasserte elevar.

Funksjon 2131 Vaksenopplæring

Funksjonen dekker utgifter til undervisning av vaksne på grunnskolenivå og til opplæring for vaksne med særskilde behov for opplæring/opptrening etter sjukdom/skade.

Til vaksenopplæring til vaksne som har rett på opplæring p.g.a. funksjonshemmning er det budsjettet med kr. 71.000 årleg i planperioden.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Her ligg kostnader til sommar-SFO i 4 veker av sommarferien. Det er sommar-SFO i Skåbu og samla tilbod for Vinstraområdet. Tilboden blir gjennomført når det er meldt på meir enn 5 barn. Det er budsjettet med netto utgift på kr. 100.000 kvart år i planperioden.

Funksjon 2221 Skolelokale og skyss

Her ligg utgifter til skyss for grunnskoleelevar inkludert elevar som får opplæring i anna kommune (Montesorri Venabygd).

Delansvar 511 Statleg asylmottak

Utgifter og inntekter/refusjonar knytt til oppfølging av statleg asylmottak er ført opp her. Dette omhandlar både helsejukepleiar, lege, tolketeneste, skole, barnehage, vaksenopplæring m.m. Utgifter blir dekka av vertskommunetilskot, og ansvar er ført opp med netto null.

4.4.1 Skoler

Skoler omfatter desse tenesteområda:

- 520 Sødorp skole
- 530 Kvam skole
- 540 Barhaug skole
- 550 Skåbu Oppvekst (skoledelen)
- 560 Vinstra ungdomsskole (V.U.S.).

Kommunestyret gjorde i KS-sak 87/20 vedtak om arbeid med **skolestruktur** slik:

«1. Kommunestyret ber administrasjonen om å greie ut ei framtidig berekraftig løysing for struktur innafor skule og barnehage, med spesiell vektlegging på økonomi, barnetal og kvalitet i skulen.

2. Med utgangspunkt i vedlagte framskriving av barnetal fra SSB legg administrasjonen fram sak for kommunestyret i løpet av 2021 med alternativ for framtidig struktur innafor skule og barnehage.

3. Det blir sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som utarbeider ein prosjektplan med bakgrunn i føringane som er lagt frå kommunestyret, herunder mandat for arbeidet. Ungdomsrådet får to plassar i arbeidsgruppa.

4. Basert på vedlagte skisse skal kommunedirektøren legge fram prosjektplan, endeleg mandat og ei detaljert tidslinje til godkjenning i kommunestyret.»

Det blir har vore fleire orienteringar i kommunestyret i 2021 og 2022. I møte 22.2.22, KS-sak 7/22, vart det gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtar ei vidare utgreiing av desse to alternativa for framtidig skolestruktur i Nord-Fron:

a. Barhaug og Sødorp blir slått saman (alternativ 2).

b. 1-10 skule med elevar frå ungdomsskule, Barhaug og Sødorp (alternativ 6).

Dei andre skulane fortsett som i dag, eventuelt berre med justeringar i samband med elevnedgang som kan framtvinge fådelte løysingar. Uansett alternativ skal Kvam Skole og Skåbu Skole haldast utanom vidare utgreiing når det kjem til samanslåing av skuler.

2. a) Kommunestyret bestiller ei grundig utgreiing av alternativa, der det beste for elevane, økonomi, byggkvalitet, moglegheiter og begrensningar innafor både pedagogikk og HMS i eksisterande bygg kontra opprusting eller nybygg, infrastruktur, tettstadutvikling og blir vurdert.

b) For å sikre god og forsvarlig drift videre av Skåbu Skole og Kvam Skole skal vidare utgreiing rundt barnets beste, kostnader, byggkvalitet, moglegheiter og begrensningar innafor både pedagogikk og HMS i eksisterande bygg, behov for opprustning, infrastruktur og tettstadutvikling, bli vurdert også for desse skulane.

3. Kommunestyret vedtek at bestilling av ny utgreiing skal vurdere vidare bruk av skolebygg som eventuelt ikkje lenger skal nyttast til dette føremålet.

4. Kommunestyret ønskjer at utgreiinga som blir bestilt skal ha ei prioritert tilråding av alternativa som kommunestyret i møte 22.2.22 vedtek.

Kommunestyret gjorde 15.11.22, KS-sak 92/22 slikt vedtak knytt til det vidare utgreiingsarbeidet:

1. Kommunestyret vedtar å gjennomføre en tilleggsutredning for de to alternativene for framtidig skolestruktur i Nord-Fron, hhv:

- Barhaug og Sødorp blir slått sammen (alt. 2)
- 1-10 skole med elever fra ungdomsskolen, Barhaug og Sødorp (alt. 6)

Tilleggsutredningen skal sammen med tidligere arbeid/utredninger, dokumenteres i en egen rapport. Denne rapporten skal sendes på høring i kommunen før endelig vedtak i HO, formannskapet og kommunestyret.

2. Kommunestyret ber komunedirektøren om at følgende alternativ skal undersøkes/utredes og dokumenteres nærmere:

a) Samlokalisering av barneskolene (Barhaug og Sødorp) på Barhaugområdet, og ungdomsskolen forutsettes videre på området for Vinstra ungdomsskole som i dag. Dette kan enten skje ved at det bygges nytt eller i en kombinasjon av nye bygg og rehabilitering av dagens skolebygning. Det forutsettes at området utvides/tilrettelegges for en større barneskole. I dette alternativet skal begge løsningene utredes, og det skal tas hensyn til at det bygges ny/rehabiliteres ungdomsskole på området for Vinstra ungdomsskole.

b) Samlokalisering av barneskolene (Barhaug og Sødorp) og ungdomsskolen på Barhaugområdet

Dette kan enten skje ved at det bygges nytt eller i en kombinasjon av nye bygg og rehabilitering av dagens skolebygning. Det forutsettes at området utvides/tilrettelegges for en 1-10 skole. I dette alternativet skal begge løsningene utredes.

c) Samlokalisering av barneskolene (Barhaug og Sødorp) og ungdomsskolen på området for Vinstra ungdomsskole/Sødorp barneskole

Se tidligere utredninger/rapporter.

3. Alternativene skal utredes og sammenstilles med tidligere rapporter med tanke på:

- kvalitet, barnets beste og barnetall, se rapport fra administrasjon av des. 2021
- økonomi dvs. anslag på kostnader relatert til investering, rehabilitering og drift

Det skal gjøres en økonomisk sammenligning mot å driftet alle tre skolene som i dag. Det bør også redegjøres for evt. forutsetninger og usikkerheter i anslagene og tidligere kostnadsanslag bør justeres til dagens prisnivå.

- uteområdene sine muligheter og begrensninger inkl. nødvendig parkeringsareal til ansatte/besøkende
- tettstedsutvikling, bosettingshensyn og tilgjengelighet, se rapport fra administrasjon av des. 2021

➤ muligheten for samlokalisering av evt. skole, idrett, helsestasjon og/eller kulturskole

Fordeler og ulemper for de enkelte alternativene med tanke på ovennevnte skal drøftes og beskrives i rapporten.

Det skal også utarbeides skisser/illustrasjoner av utbyggingsløsningene i de enkelte utredningsalternativene, for nærmere å vise hvordan området kan brukes til skole, uteaktiviteter, parkering, osv.

4. Med bakgrunn i vurderingene i pkt. 3 og høringsrunden ber kommunestyret om at det blir gitt ei anbefaling innen framtidig skolestruktur, - det være seg selve strukturen, beliggenhet og utbyggingsløsning (nybygging og evt. rehabilitering).

5. Kommunestyret bevilger inntil kr. 1 mill. for ekstern bistand/kompetanse til disse tilleggsutredningene og til utarbeidelse av rapport. Beløpet dekkes av disposisjonsfondet.

6. Kommunestyret ber om at kommandirektøren legger fram en framdriftsplan for denne tilleggsutredningen med høringsrunde og utarbeidelse av rapport fram til endelig behandling i HO, formannskapet og kommunestyret

Det er ført opp midlar i investeringsbudsjettet for oppfølging av arbeidet (konsulentbistand/planlegging), etter at det er gjort vedtak i kommunestyret. Sjå kap. 3.

Funksjon 2021 Grunnskole.

Elevtalsutvikling for komande planperiode:

Skoler	Elever 2022/2023	Elever 2023/2024	Elever 2024/2025	Elever 2025/2026	Elever 2026/2027
Søndorp	148	136	135	126	116
Kvam	79	74	69	74	75
Barhaug	151	149	152	157	143
Skåbu	23	25	28	26	28
VUS	177	185	176	174	179
Sum	578	569	560	557	541

Det er ein samla nedgang på 37 elevar i planperioden.

Driftsutgifter pr. elev eks. byggkostnader (tal i heile tusen):

			Tal i 1000	
	Netto driftsutgift 2023	Elevtal skolestart 2022/22	Driftsutgifter pr. elev 2023	Driftsutgift er pr. elev 2022
Sødorp	15 732	148	106	103
Kvam	10 455	79	132	128
Barhaug	15 765	151	104	99
Skåbu	6 056	23	263	262
VUS	21 900	177	124	116
		578		

Snitt driftsutgifter pr. elev alle skoler sett under ett er kr. 121.000 (kr. 116.000 i 2022).

Lærarlønn, art 1011

Elevtal, gruppedeling, behov for spesialundervisning, og anna tilrettelegging for enkeltelevar ved skolane har verknad på driftskostnadene.

Ny ressursmodell for fordeling av timeressursen mellom skolane, vedtatt i K-sak 40/12, har vore i bruk frå 2013. Den fekk heilårsvirkning frå 2014. Modellen har i tillegg til ein fast ressurs pr. skole, ein variabel ressurs som blir påverka av endring i elevtal og talet på seniorar med rett til redusert leseplikt.

- På barneskolen gir ein elev 1,7 rammetimer.
100 % stilling tilsvrar 25-26 timer.
Det betyr at 14-15 elever tilsvrar ei lærarstilling i timemodellen.
- På ungdomskolen gir ein elev 2 rammetimer.
100 % stilling tilsvrar 23,5 timer.
Det betyr at 12 elever tilsvrar ei lærarstilling i timemodellen.

Ut over timemodellen er det frå 2023 lagt inn 50 % stilling ved Sødorp skole 75 % stilling ved Barhaug skole og 50 % stilling ved Vinstra ungdomsskole for mottak/oppfølging av busette flyktningar. Stillingane er forutsett fullfinansiert av auka integreringstilskott.

Ved Vinstra ungdomsskole er det ført opp kr. 70 000 årleg til studietur til Utøya for 10. klassingar, jf. FS 38/22.

Fastlønn, art 1010

Her ligg lønskostnader til assistenter og kontorpersonell.

Assistentressursen til skolane er fast. I heilt spesielle tilfelle, der elevar av medisinske eller anna spesiell grunn må ha følgje av/hjelp av eigen assistent, kan det bli tildelt ekstra assistentressurs ut over dette, etter enkeltvedtak.

Undervisningsmateriell

Ressurs til innbu, læremiddel, undervisningsmateriell og fritt skolemateriell er budsjettet under konto 1105 Undervisningsmateriell.

Svømmeundervisning og kroppsøving

Vinstra ungdomsskole, Barhaug skole og Sødorp skole har svømmeundervisning på Fron Badeland. Det er lagt inn samla kr. 220.000 til dette for alle år i planperioden.

Gratis skolemat

Det er lagt inn vidareføring av gratis mat i tråd med dagens tilbod ved Vinstra ungdomsskole.

Funksjon 2026 Felles IKT Grunnskole

Her er det ført opp midlar til mindre IKT-kostnader på den enkelte skole.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Betalingssatsar for 2023 vart vedteke i KS-sak 117/22 . Det er lagt til grunn 12 timer gratis SFO for 1. klassingar i tråd med nasjonale føringar. I endeleg statsbudsjett vart det i tillegg vedteke at det skal vera 12 timer gratis SFO for 2. klassingar frå hausten 2023. Det er førebels ikkje teke høgde for reduserte inntekter som følgje av dette vedtaket.

Funksjon 2132 Vaksenopplæring for flyktningar

Vaksenopplæringa for flyktningar vart frå 1.1.19 organisert som del av Vinstra ungdomsskole. Frå august 2020 har kommunen ivaretake grunnskoleopplæring for flyktningar sjølv.

Det er lagt til grunn at ei 100 % stilling er finansiert av vertskommunetilskot i samband med at kommunen har statleg asylmottak. Persontilskott er ført på på ansvar 807.

4.4.2 Barnehagar

Barnehagane (utanom Skåbu) er organisert som eigne tenesteområder slik:

571 Toksebakken barnehage

572 Kvam barnehage

573 Ruste barnehage.

Kostnader til drift av barnehagen i Skåbu er ført som ein del av Skåbu Oppvekst, ansvar 550 funksjon 2011. Oppfølging av barn med særskilde behov er lagt på funksjon 2113, og utgjer 1,1 mill. kr. i 2023 og 0,6 mill. kr. i 2024.

Makssats for foreldrebetaling er i statsbudsjettet redusert frå kr. 3.050 pr. 1.8.22 til kr. 3.000 1.1.2023.

For betalingssatsar blir det vist til KS-sak 117/22.

Funksjon 2017, 2018, 2019

På desse funksjonane er lønskostnader og andre utgifter knytt til drift av den enkelte barnehage ført opp. Foreldrebetaling er også ført opp her. Til saman 0,4 årsverk ved barnehagane er finansiert av vertskommunetilskot i samband med statleg asylmottak.

Funksjon 2113 Funksjonshemma barn

På funksjonen blir den delen av styrarressursen som omhandlar styrking/støttepedagog ført, samt lønskostnader til spesialpedagog. I tillegg er det budsjettert med kostnader knytt til oppfølging av barn med særskilte utfordringar.

4.4.3

Interkommunale selskap (oppvekst)

Området består av delansvara:

- 592 Midt-Gudbrandsdal Pedagogisk-Psykologisk rådgjevingsteneste (MGPP).
- 593 Midt-Gudbrandsdal flyktningteneste (MGF). Denne var tidlegar ført under sektor helse.
- 594 Fron kulturskole.
- 595 Midt-Gudbrandsdal barnevernkontor (MGBV).

Midt-Gudbrandsdal barnevernkontor (MGBV) var tidlegare ført under sektor helse og Fron kulturskole var tidlegare ført under sektor administrasjon.

4.4.3.1

Delansvar 592 MGPP

Funksjon 2024 Logoped – interkommunalt samarbeid

Nord-Fron og Sør-Fron kommune kjøper logopedtenester frå MGPP i 100 % stilling. Nord-Fron dekker 60 % av kostnadene og dette ligg inne med kr. 630.000 i 2023. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 19.10.22.

Funksjon 2025 og 2112 MGPP – tilskot til skole og barnehage

Her er utgiftene til PP-tenesta fordelt mellom skole (80 %) og barnehage (20 %). Samla tilskott frå Nord-Fron er lagt inn med 2,7 mill. kr. i 2023. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 19.10.22.

4.4.3.2

Delansvar 692 Midt-Gudbrandsdal flykningeteneste (MGF)

Frå 1.1.19 vart flyktningekontoret innlemma i det nye interkommunale selskapet Midt-Gudbrandsdal flyktingjeneste (MGF), der Sør-Fron er vertskommune.

Nord-Fron sin andel/tilskot er ført opp på dette delansvaret med kr. 2,2 mill. kr. I tillegg kjem kostnader til introduksjonsstønad og busetting. Både tilskot til MGF og kostnader til introduksjonsstønad og bersetting auker frå 2022 til 2023 i samband med at det blir busett fleire flyktningar. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 19.10.22.

Integreringstilskot og personertilskot blir inntektsført på ansvar 807.

Vaksenopplæringa for flyktningar er frå 1.1.19 organisert som del av Vinstra ungdomsskole.

Kommunen hadde tidlegare år vedtak om å ta i mot 15 flyktningar årleg, men dette vart redusert til 10 i 2018 i tråd med anmodninga frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet). I samband med krigen i Ukraina er vedtaket for 2022 auka til 65 flyktningar.

For 2023 har kommunestyret gjort vedtak om bersetting av 70 flyktningar, jf. KS-sak 108/22.

4.4.3.3

Delansvar 594 Fron kulturskole

Fron kulturskole er eit interkommunalt samarbeid mellom Nord-Fron og Sør-Fron kommunar. Nord-Fron kommune er vertskommune.

Netto driftsutgifter for Nord-Fron kommune for 2023 er budsjettet med 2,7 mill. kr. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for dei interkommunale ordningane 19.10.22. Fron kulturskole var tidlegare organisert under sektor administrasjon.

4.4.3.4

Delansvar 595 Midt-Gudbrandsdal barnevernskontor (MGBV)

Nord-Fron gjekk inn i Midt-Gudbrandsdal barneverntjeneste frå 1.1.19. Det er Ringebu som er vertskommune. Tilskot til selskapet er budsjettet med 4,5 mill. kr. Budsjettet er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 19.10.22.

Kostnader til barnevernstiltak er også ført opp på dette ansvaret og skal fullt ut refunderes til Ringebu. Midt-Gudbrandsdal barneverntjeneste deltek i Ringsaker interkommunale barnevernvakt (akuttberedskap) frå 1.1.19, jf. KS-sak 62/18.

4.5 Sektor helse

Sektor oppvekst omfatter i tillegg til ansvar 610 Sektor helse desse tenesteområda:

- Sektorleiing og stab
- Tilsrettelagte tenester og institusjon
- Helse og mestring
- Interkommunale selskap (relatert til helse).

4.5.1 Sektorleiing og stab

Direkte under ansvar 610 Sektor helse er det samla fellesutgifter og inntekter for helsesektoren, samt leing og stabstenester.

Funksjon 1201 Administrasjon

Utgifter til sektorleiar med tilhørande utgifter er budsjettet under denne funksjonen. Delar av løn til støttekontakt var ført her i 2022, men er flytt til funksjon 2349 frå 2023.

Funksjon 1207 Effektivisering

Innsparingskrav på 1 mill. kr. årleg i førre økonomiplan er tatt ut frå budsjettet.

Funksjon 2348 Tildelingskontor, 2538 og 2548 Stab Sundheim

Dagleg leiar og tilsette ved tildelingskontor og stabsfunksjonar er ført opp på desse funksjonane.

Funksjon 2546 Omsorgsløn

Ordninga er vidareført på same nivå som i 2022.

Funksjon 2349 Støttekontakt

Kostnader til betaling av støttekontakter er ført opp her.

Funksjon 2566 Digitalisering

Innsparingskrav på 0,4 mill. kr. årleg i førre økonomiplan er tatt ut frå budsjettet.

4.5.2 Tenesteområde Tilrettelagte tenester og institusjon

Området er fra 2023 delt opp i 6 delansvar:

- Delansvar 620 Institusjon:
- Delansvar 621 Kjøkken og dagsenter
- Delansvar 622 Demensavdeling
- Delansvar 623 Langtidsavdeling
- Delansvar 631 Bustadbistand og arbeidssenter
- Delansvar 632 Miljøteneste.

Antall plasser ved langtidsavdelinga og demensavdelinga er fordelt slik:

Langtidsavd.: 36 plassar.

Skjerma avd.: 18 plassar.

Det blir lagt fram eigen sak for kommunestyret som omhandlar betalingssatsar for 2023.

4.5.2.1 Delansvar 620 Institusjon

Funksjon 2531 Institusjon

Nokre fellesutgifter som gjeld langtidsavdelingane som t.d. driftsavtaler er budsjettert her. Eigenbetaling for langtidsplass er frå 2022 ført opp på den enkelte avdeling. Det er avsett kr. 250.000 årleg til sommarjobb for elevar, jf. KS-sak 130/19. I tillegg er 50 % av løn til tenesteleiar ført på denne funksjonen.

4.5.2.2 Delansvar 621 Kjøkken og dagsenter

Funksjon 2532 Kjøkken

Kostnader til drift av kjøkken og kantine ved Sundheim er ført her.

Funksjon 2552 Matombringning

Kostnader til produksjon av mat for hjemmeboende med vedtak på matombringning er ført her.

Funksjon 2569 Dagtilbod

Her er utgifter til drift av dagtilbud for eldre hjemmeboende og utgifter til medisinsk forbruksmateriell og medisiner ført opp. Frå 2020 vart også Kvamstunet lagt inn under denne funksjonen.

Funksjon 2572 Transport lågterskeltilbod

Det er lagt inn kr. 300 000 årleg til betaling for transport til lågterskeltilbod.

4.5.2.3 Delansvar 622 Demensavdeling

Funksjon 2564 Sundtunet

Her er det ført opp lønsutgifter og tilhøyrande kostnader for avdelinga. Eigenbetaling er også ført opp her. Det er lagt inn ei styrking på 4 mill. kr. i 2023 og 2024 og 2 mill. kr. i 2025 og 2026 for kjøp av privat plass til ressurskrevjande teneste. Summen er netto, dvs. inkluderar forventa statleg tilskot for ressurskrevjande tenester.

4.5.2.4 Delansvar 623 Langtidsavdeling

Funksjon 2568 Langtidsavdeling

Her er det ført opp lønsutgifter og tilhøyrande kostnader for avdelinga. Eigenbetaling er også ført opp her.

4.5.2.5 Delansvar 631 Bustadbistand og arbeidssenter

Funksjon 2029 Hjem-skole 2, 2547 Hjem skole 1

Oppfølging av brukarar er ført opp her. Det inkluderar også delar av statleg tilskott til ressurskrevjande tenester.

Funksjon 2341 Arbeids- og aktivitetssenter (NOA)

Her ligg utgifter til drift av aktivitetstilbod for vaksne psykisk utviklingshemma.

Funksjon 2544 Bistand i bustad 2 og 2571 Nattvakt TT

Lønsutgifter og tilhøyrande kostnader til avdelinga er ført her. Det inkluderar også delar av statleg tilskott til ressurskrevjande tenester.

Funksjon 2731 Varig tilrettelagt arbeid

Tilskott til VTA-plasser er ført opp på denne funksjonen med kr. 426.000 årleg.

4.5.2.6 Delansvar 632 Miljøtenesten

Funksjon 2346 Privat avlastningstiltak

Utgifter til avlastningstiltak er ført opp her. Utgifter til støttekontakt er frå 2022 ført opp på ansvar 510.

Funksjon 2529 Miljøteam

Her er utgifter til miljøteam ført opp, til saman er det om lag 5,1 årsverk.

Funksjon 2539 Avlastningsbustad

Utgifter til drift av kommunal avlastningsbolig blir ført her.

Funksjon 2541 Bistand i bustad

Lønsutgifter m.m. knytt til oppfølging av brukarar blir ført på denne funksjonen. Det inkluderar også delar av statleg tilskott til ressurskrevjande tenester.

4.5.3 Tenesteområde Helse og mestring

Området er delt opp i 7 delansvar:

- Delansvar 640 Fysio og ergoterapi
- Delansvar 641 Legeteteneste
- Delansvar 642 Helsestasjon
- Delansvar 643 Rus og psykisk helse
- Delansvar 645 Heimetenester
- Delansvar 646 Korttid
- Delansvar 649 Leiar Helse og mestring.

4.5.3.1 Delansvar 640 Fysio og ergoterapi

Funksjon 2336 Frisklivssentral

Utgifter til husleige, og 100 % stilling knytt til frisklivssentralen er ført opp her.

Funksjon 2414 Fysioterapi

Den kommunale fysioterapitenesta har tilsaman 2,5 årsverk samt turnuskandidat. I tillegg kjem driftstilkott til privat praktiserande fysioterapeutar.

Funksjon 2415 Ergoterapiteneste

Lønskostnader for 100 % stilling som ergoteraput er ført her.

Funksjon 2549 Hverdagsrehabilitering

Lønskostnader til 75 % stilling er ført opp på denne funksjonen.

4.5.3.2 Delansvar 641 Legekontor

Her ligg kostnader til fastlegeordning for kommunens innbyggjarar, medisinfagleg rådgiving, rettleiing av turnuslegar og yngre legar. Frå 2022 er også tilsynslege og helsestasjons/skulelegeteteneste ført her.

Stillingsprosentar legane har i offentleg teneste:	Prosent
Helsestasjons/skulelegeteteneste	2 x 20 % = 40 %
Tilsynslege	100 %
Kommuneoverlege	40 %
Rettleiar for turnuskandidat	8 %
SUM	188 %

I tillegg kjem rettleiaroppgåver for nyutdanna legar (omfang varierar), samt honorar for inntektsbortfall i reisetid i samband med drifting av legekontor i Skåbukontor og honorar for administrativ leiing av legevakta.

Funksjon 2323 Lege helsestasjon

To legestillingar på 20 % kvar knytt til helsestasjonen er ført her.

Funksjon 2400 E-helse (betaling drift og forvaltning)

Her er betaling for drift og forvaltning av ulike E-helseløysingar ført opp.

Funksjon 2403 Turnuskandidat

På funksjonen er budsjett for lønn og tilskott til turnuskandidat i 100 %, samt lønn til rettleiar i 8 % stilling.

Funksjon 2408 Legestilling, 2409 Vikarbyrå leger og 2412 Privat legepraksis

Det er ikkje lagt inn midlar til vikarbyrå i 2023 og vidare, men det er lagt inn ei styrking for å ta høgde for overgang frå privatpraktiserande til fastløna legar. Det er i tillegg lagt inn auka utbetaling av basistilskudd til privatpraktiserande legar. Samla er det lagt inn auke på 0,6 mill. kr. i 2023 og 1,2 mill. kr. årleg vidare i planperioden.

Funksjon 2411 Legeteneste

Hjelpe/kontorpersonell er i hovudsak budsjettert på denne funksjonen, i tillegg til kontorutstyr/drift av legekontoret. Her er det også ført opp kr. 76.000 til betaling til staten for behandling i utlandet (gjeld innbyggjarar i Nord-Fron som får behandling ved opphold i utlandet).

Funksjon 2536 Tilsynslege i institusjon

Kostnader til tilsynslege i 100 % stilling er ført opp her.

4.5.3.3 Delansvar 642 Helsestasjon

Funksjon 2321 Helsestasjon

Det er lagt inn styrking med 20 % stilling som barne- og familiekoordinator. Dette er i tråd med vedteke statleg satsing. Drifta er elles vidareført som tidlegare.

4.5.3.4 Delansvar 643 Rus og psykisk helse

Funksjon 2416 Psykisk helse

Lønskostnader til årsverk innan psykisk helsevern er ført opp her. Det er omdisponert tilsvarande 20 % stilling frå variabel løn til fast frå 2023.

4.5.3.5 Delansvar 645 Heimetenester

Funksjon 2542 Brukarstyrt personleg assistent (BPA)

Det er lagt inn 1,2 mill. kr. årleg til brukarstyrt personleg assistent.

Funksjon 2543 Ambulerande vaktmeister og trygghetsalarm

På funksjonen ligg lønnskostnader til ambulerande vaktmeister og betaling for trygghetsalarmer.

Funksjon 2554 Heimehjelp og funksjon 2557 Hjemmesjukepleie

Løn- og andre kostnader knytt til heimehjelp, inkl. eigenbetaling er ført på funksjon 2554 – og utgifter knytt til hjemmesjukepleie er ført på funksjon 2557.

4.5.3.6 Delansvar 646 Korttid

Ved korttidsavdelinga er det 18 plassar.

Funksjon 2537 Korttidsopphald/rehabilitering

Det er ikke ført opp midlar til betaling for utskrivingsklare pasientar (betaling til sjukehuset). Lønskostnader knytt til avdeling korttid/rehabilitering og eigenbetaling for kortidsplasser er ført opp her.

Funksjon 2565 Nattevakttjeneste

Her er det ført opp lønsutgifter knytt til nattevakttjenesten ved Sundheim.

4.5.3.7 Delansvar 649 Leiar Helse og mestring

Funksjon 1201 Administrasjon

Løn for tenesteleiar Helse og mestring er ført er.

4.5.4. Interkommunale selskap (helse)

Området består av delansvara:

693 Helsesamarbeid

694 - 698 NAV Midt-Gudbrandsdal.

Midt-Gudbrandsdal barnevernsteneste (MGBV) er frå 2023 ført opp under sektor oppvekst.

4.5.4.1 Delansvar 693 Helsesamarbeid

På dette delansvaret er kostnader til ulike helsesamarbeid ført opp.

Funksjon 2322 Svangerskapsomsorg

Nord-Fron og Sør-Fron samarbeidar om jordmorteneste. Det er lagt inn refusjon til Sør-Fron med kr. 268.000 for tenesta.

Funksjon 2335 Tilskott krisesenter

Det er ført opp kr. 444.000 i tilskott til Gudbrandsdal krisesenter.

Funksjon 2401 Koordinator HSG, 2404 Legevakt, 2433 FACT-team, 2561 KAD/Øyeblikkelig hjelp

Nord-Fron har samarbeid med fleire kommuner i Sør-Gudbrandsdal om helsetenester, der Lillehammer er vertskommune. Frå august 2018 har Nord-Fron kjøpt både legevaktordning og legevaktvarsling frå Lillehammer kommune, og frå hausten 2021 er Fronsvakta nedlagt og Nord-Fron deltek fullt ut i legevakta på Lillehammer, jf. KS-sak 27/21.

Betaling for tenestene er lagt inn i tråd med budsjett frå vertskommunen. For legevakt er det ei auke på om lag 0,4 mill. kr. frå 2022 til 2023.

Funksjon 2406 Psykolog

Kommunen har tilsett psykolog i 100 % stilling. Dette er eit samarbeid med Sør-Fron kommune, og kostnader fordeles med 60 % til Nord-Fron og 40 % til Sør-Fron.

Funksjon 2407 Helsefellesskap Innlandet

Kommunen deltek frå 2023 i Helsefellesskap Innlandet frå 2023, og betaling for dette er lagt inn med kr. 35.000 årleg.

Funksjon 2419 Kommunelege 1

Kommunen har inngått avtale med Øyer om kommuneoverlege. Stillinga utgjer 40% og utgifter til stillinga er budsjettet på denne funksjonen.

4.5.4.2

Delansvar 694 – 698 NAV Midt-Gudbrandsdal

NAV Midt-Gudbrandsdal vart oppretta frå 1.1.19 med Nord-Fron som vertskommune. Tenesta er delt i desse delansvara:

694 - NAV MG kontordrift.

Her blir kostnader til kontordrifta ført. Dette blir fordelt etter innbyggertal på dei tre deltakarkommunane.

695, 696, 697 - NAV MG Personytelser Nord-Fron / Sør-Fron / Ringebu.

Her blir utbetaling av kvalifiseringsstønad og økonomisk sosialhjelp ført. Dette blir fullt ut refundert frå den enkelte kommune.

For Nord-Fron er det budsjettert med slike kostnader i 2023:

Kvalifiseringsordningen: 1,5 mill. kr. årleg.

Økonomisk sosialhjelp: 4,5 mill. kr. årleg.

Sosialhjelp flyktninger: 1,7 mill. kr. årleg.

698 – NAV andel Nord-Fron.

Her blir Nord-Fron sin andel av kontordrifta (ansvar 694) ført. Denne er lagt inn med 5,5 mill. kr. i 2023. Dette er i tråd med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 19.10.22.

5. KOSTRA – TAL

I tabellane er det sett opp utvalte KOSTRA-tal (konsern-tal) for nokre av tenesteområda som viser utvikling for NFK i 2020 og 2021, nabokommunane Sør-Fron (SFK) og Ringebu (RK), Innlandet og landet utanom Oslo for 2021. Tala er til ein viss grad brukt som grunnlagsmateriale i budsjettarbeidet.

Økonomiske nøkkeltal:

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

NFK 2020	NFK 2021	SFK 2021	RK 2021	Innlandet 2021	Landet 2021
6,2	7,2	5,1	3,0	4,8	4,2

Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter

